

Vassdragsforsk



Odd Inge Vistad

**FRILUFTSLIV I
JØRPELANDSVASSDRAGET**

**Ei verdi- og konsekvens-
vurdering i samband med
konsesjonssøknaden for
vassdraget**

Rapport nr. 94

Oslo 1986

Program for naturforvaltning

OMORGANISERING AV KONTAKTUTVALGSSYSTEMET

Kultur- og vitenskapsdepartementet, Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet har inngått avtale om at Norges allmennvitenskapelige forskningsråd (NAVF) skal videreføre kontaktutvalgssystemets arbeid innen vassdragssektoren. Dette arbeidet skal nå styrkes og videreutvikles.

I denne forbindelse har NAVF opprettet "Program for naturforvaltning". Kontaktutvalgssystemets tidligere sekretariat inngår i dette. Programmet kalles VASSDRAGSFORSK.

Rapportserien fra Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer, Universitetet i Oslo videreføres nå av Vassdragsforsk. Rapportenes nummerering er fortløpende fra den tidligere serien.

Vassdragsforsk

Program for naturforvaltning
Opprettet av Norges
allmennvitenskapelige forskningsråd

Kontoradresse:
Rom U161
Kristine Bonnevis hus
Universitetet i Oslo

Postadresse:
Universitetet i Oslo
Boks 1037, Blindern
0315 OSLO 3

Telefon:
(02) 45 46 84

ODD INGE VISTAD

**FRILUFTSLIV I
JØRPELANDSVASSDRAGET**

**EI VERDI- OG KONSEKVENSS-
VURDERING I SAMBAND MED
KONSESJONSSØKNADEN FOR
VASSDRAGET**

ISBN 82-7231-100-3

FORORD

I samband med Lyse Kraft sine planar om ny og utvida regulering av Jørpelandsvassdraget, har dei bede Vassdragsforsk (Det nasjonale Kontaktutvalg for Vassdragsreguleringer) om å utarbeide ei konsekvensvurdering for friluftslivsinteressene. Denne rapporten supplerar det arbeidet som alt er gjort i samband med konsesjonssøknaden.

Som ei fagleg hjelp vart det oppnemnt ei rådgjevande kontaktgruppe med representantar frå Forsand og Strand kommunar, Rogaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland og Miljøverndepartementet. Arbeidet har elles vore avhengig av innspel frå lokalkjente. Takk til alle for godt samarbeid.

Lyse Kraft har kosta dette arbeidet og elles vore til god hjelp.

Sjølve rapporteringa er gjort etter overgang til nytt arbeid ved Komitéen for miljøvern ved Universitetet i Trondheim (KOMMIT). Her skal særleg Harriet Brunsvik ha takk for tyding og utskriving av teksten.

Trondheim, april 1986

A handwritten signature in black ink, reading "Odd Inge Vistad". The script is cursive and fluid, with the first letters of the first and last names being capitalized and prominent.

Odd Inge Vistad




Fig. 1. Prosjektområdet



INNHALD

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON.....	1
1.1. Bakgrunn og metode.....	1
1.2. Verdien av området for friluftsliv.....	2
1.3. Konsekvensar for friluftslivsinteressene dersom utbyggjingsplanane blir gjennomførde.....	6
2. INNLEIING.....	10
2.1. Generelt.....	10
2.2. Omgrepet friluftsliv.....	11
2.3. Om metoden for konsekvensanalyser for friluftsliv.....	12
3. JØRPELANDSHEIANE - JØRPELANDSVASSDRAGET M.FL.....	14
3.1. Om tilstanden i vassdraget idag.....	14
3.2. Kort om utbyggjingsplanane.....	14
3.3. Delområde.....	16
4. REGIONAL STATUSOVERSIKT.....	19
4.1. Friluftslivsområde.....	19
4.2. Vassdrag.....	20
5. OPPLEVINGSKVALITETAR.....	22
6. KOR EGNA OMRÅDET ER FOR FRILUFTSLIV.....	26
7. BRUK AV OMRÅDET IDAG.....	42
7.1. Metode.....	42
7.2. Resultat.....	42
7.2.1. Generelt.....	42
7.2.2. Dei enkelte delområda.....	45
8. REGIONAL FRILUFTSLIVSVURDERING.....	53
9. VERDIVURDERING.....	56
10. KONSEKVENSVURDERING.....	62
LITTERATURLISTE.....	71
VEDLEGG	

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON

1.1. BAKGRUNN OG METODE

Formålet med dette arbeidet er å sjå på konsekvensane for friluftslivsinteressene dersom utbyggingsplanane vert gjennomførde etter det konsesjonssøkte alternativet. Før ein kan konsekvensvurdere må ein ha ei konkret verdivurdering av friluftslivsinteressene i området.

Utgangspunktet er den definisjonen som den offentlege friluftslivsforvaltninga nyttar:

"Friluftsliv er opphold i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse."

Som ein "arbeidsreidskap" i ei slik verdi- og konsekvensvurdering nyttar ein ei meir detaljert inndeling av aktivitetane i hovudkategoriane:

- tradisjonelt friluftsliv
 - moderne friluftsliv
 - andre utandørsaktivitetar
- (sjå vedlegg 1)

For å finne fram til verdien av eit område for friluftsliv blir fylgjande parametrar nytta:

- opplevingskvalitetar i området
 - kor egna området er for friluftsliv
 - bruken av området i dag
- (sjå vedlegg 4)

Dessutan blir området vurdert i ein regional samanheng, både når det gjeld natur-/landskapstype og når det gjeld bruken til friluftsliv (finst det alternative område, korleis er kommunikasjonen, folketal og -fordeling m.m.).

Jørpelandsvassdraget (69,2 km²) har ei eksisterande regulering. Konesjonssøknaden omfattar også fleire nabovassdrag (tot. 114,3 km²).

For å få ein konkret verdi- og konsekvensvurdering er desse nedbørfelta dela inn i ni delområde etter fylgjande kriteria:

- naturleg avgrensing for friluftslivsutøving
- landskapsmessig "samhald"
- grad av teknisk påverknad.

Verdi- og konsekvensvurderingane er basert på dei kriteriesetta som faggruppa for naturvern og friluftsliv i Samla Plan utarbeidde (sjå vedlegg 5 og 6).

1.2. VERDIEN AV OMRÅDET FOR FRILUFTSLIV

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattli - Skurvedalen (Lysefjordbeltet)

Her er svært store opplevingskvalitetar, særleg når det gjeld naturtilhøve, men og kulturhistorisk.

Beltet har lite av moderne teknisk påverknad og står i samanheng med (er ein korridor til) store friluftsområde i aust (Ryfylkeheiane). Slik sett er det og prioritert i Fylkesplan for Rogaland, 1982.

Her bør ikkje bli bygd fleire hytter, om ein vil halde på desse kvalitetane.

Det er delvis ein svært stor bruk av området (Preikestolshytta -Preikestolen).

Kvalitetane i området er av nasjonal/internasjonal verdi og her er ingen alternative område i regionen (jfr. Geirangerfjorden).

- Området har svært stor verdi for tradisjonelt friluftsliv og for båtturar på Lysefjorden.

2. Jøssangåna - Moslivatn - Tinturvatn - Tømmervatn

Området har middels/store opplevingskvalitetar frå naturens side, men veg og hyttebygging er i ferd med å få eit dominerande preg i delar av området.

Bruken er både isolert og i samanheng med andre delar av det totale nedbørfeltet. Brukarane er hovudsakleg lokale, også når det gjeld kven som har hytter her.

Her er alternative område i andre delar av Jørpelandstraktene, med unntak for hytteeigarane.

- Området har middels stor verdi for tradisjonelt friluftsliv, og stor verdi for hytteliv.

3. Jørpelandsåna - Dalavatn

Tidvis er Fossen i Jørpelandsåna ein stor opplevingskvalitet (er regulert).

Bruken er hovudsakleg lokal, men er utan reelle alternativ (bading i Fossen, laks-/sjøaurefiske opp til Fossen).

Området ligg i/inntil Jørpeland sentrum.

- Verdien for enkelte tradisjonelle friluftslivsaktivitetar er stor. Området har middels stor/stor verdi for moderne friluftsliv og andre utandørsaktivitetar.

4. Svortingsvatn

Vatnet er kraftig påverka av eksisterande regulering.

Bruken er hovudsakleg lokal; turmessig må ein sjå Svortingsvatn i samanheng med naboområda.

- Verdien er middels stor for tradisjonelt friluftsliv.

5. Småsilddalen

Dette er eit lite delområde som er utan påverknad og med svært store opplevingskvalitetar.

Her er både lokale og regionale brukarar og bruken er både isolert og i samanheng med naboområda.

Friluftsmessig er dette eit prioritert område frå kommunen si side (kommunen eig også ein stor del av grunnen). Det tilretteleggingsarbeidet (opparbeiding av joggesti/skiløype) som no blir utført må skje med omtanke for naturmiljø og opplevingskvalitetar, om ein vil halde oppe verdien av området for tradisjonelt friluftsliv.

- Verdien av Småsilddalen er stor for tradisjonelt og moderne friluftsliv.

6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane

Liarvatn er regulert; andre delar av området har store opplevingskvalitetar.

Området er tildels svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, men det er avhengig av tilstanden for Liarvatn (isstabilitet/vasstand). Eventuell vidare hyttebygging må skje ved detaljert planlegging, for å hindre konflikhtar i høve til det allmenne friluftsliv.

Dette er det mest nytta dags- og helgeutfartsområdet for Jørpeland, særleg vinterstid (ved isstabilitet og nok snø) og herifrå er hovudinnfallsporten til dei høgareliggjande traktene i aust.

- Området har (tidvis) stor verdi for tradisjonelt friluftsliv.

7. Målandsdalen - Vardhusheia - Krokavatn

Her er vesentlege opplevingskvalitetar i det rolege, lite påverka landskapet, og det er godt/svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, helst i samanheng med naboområda.

Bruken er lokal/regional og det finst alternative område.

Området har ein relativt stor potensiell verdi

- Verdien av området er stor/middels stor for tradisjonelt friluftsliv.

8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen

Her er svært store opplevingskvalitetar, tildels ingenting/lite av nyare teknisk påverknad.

Området er svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv.

Bruken er regional/lokal, og den potensielle verdien er særleg stor i regional samanheng.

- Området har svært stor verdi for tradisjonelt friluftsliv.

9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimsheia - Tyssdalsheia)

Også her er landskapselement med store opplevingskvalitetar.

Området er godt egna for tradisjonelt friluftsliv og godt/middels godt egna for moderne friluftsliv og hytteliv.

Opp mot Bjørheimsheia er eit prioritert hyttefelt.

Bruken er lokal/regional og området er nytta både isolert og saman med områda austanfor.

Her finst alternative område.

- Området har stor/middels stor verdi for tradisjonelt friluftsliv og hytteliv; middels stor verdi for moderne friluftsliv.

1.3. KONSEKVEN SAR FOR FRILUFTSLIVSINTERESSENE DERSOM UTBYGGINGSPLANANE BLIR GJENNOMFØRDE

1. Revsvatn-Hengjanevatn-Brattli-Skurvedalen (Lysefjordbeltet)

Dette er eit klassisk natur- og friluftslivsområde med svært store opplevingskvalitetar og liten teknisk påverknad.

I høve til dette er all teknisk påverknad/reduksjon av opplevingskvalitet klart konfliktfylt.

Særleg alvorleg er reguleringa av Hengjanevatn, kanaliseringa mellom Troppevatn og Buksetjønnane, samt den (tildels sterkt) reduserte vassføringa i Brattliåna, Skurveåna og Neverdalsbekken.

All vegbygging i dette feltet er fullstendig uakseptabel for friluftslivsinteressene.

* Svært store negative konsekvensar.

2. Jøssangåna-Moslivatn-Tinturvatn-Tømmervatn

Konsekvensane er knytt til reduksjon av landskapskvalitet (redusert vassføring i Jøssangåna gjennom Jøssangmyrane m.m.) og forverra vilkår for fiskestamma i Tømmervatn og mogeleg Moslivatn.

* Middels store negative konsekvensar

3. Jørpelandsåna-Dalavatn

Den reduserte vassføringa i Jørpelandsåna gjev ho sterkt redusert opplevingsverdi (særleg Fossen), og det blir uråd for laks og sjøaure å gå opp. Verknaden for badelivet i Fossen er vanskeleg å vurdere.

Det blir elles estetiske konsekvensar m.m. p.g.a. tørrlegginga av elva frå Liarvatn til Dalavatn, anleggsverksemd kring Dalavatn kraftverk, kanalen i samband med overføringa frå Regnarvatn, tippområda innafor Dalavatn og i Kjellbrekk, ny 50 kV kraftline inn til Dalavatn Kraftverk, samt tørrlegging av Lågaliåna.

* Store/middels store negative konsekvensar.

4. Svortingsvatn

Vatnet er alt kraftig regulert. Konsekvensen er hovudsakleg at den svært tydelege stien langs nordsida av vatnet blir neddemt. Dersom det blir rydda ny sti, er her berre

* små negative konsekvensar.

5. Småsildalen

Den planlagde vegen opp til Svortingsvassdammen er uakseptabel dersom han blir lagt via Småsildalen. Denne gjev

* store negative konsekvensar.

6. Liarvatn-Forenesvatn-Holmavatn-Longavatn-Nagatjønnane

Dette er truleg det mest nytta friluftsområdet for Strand/Jørpeland, og her er eindel store opplevingskvalitetar.

Konsekvensane er knytt til reetableringa av Longavatn som reguleringsmagasin, den tørrlagde elva ned til Forenesvatn, konsekvensar for fisken i Forenesvatn der det og er fare for attgroing, den tørrlagde elva frå Svartavatn m.m.

Den eksisterande reguleringa i Liarvatn lagar eindel problem for båtbruk om sommaren (lang dragesone) og ferdsel om vinteren (usikker is m.m.). Det vil difor vere visse fordelar med veg inn til Grimsli. Om det må førast veg inn til Longavatn, bør difor Grimsli-lina realiserast. Dette også fordi en då kan halde Nagaheimrådet heilt utan inngrep (kraftlina bør førast som kabel langs vegen).

* Store negative konsekvensar.

7. Målandsdalen-Vardhusheia-Krokavatn

Den alvorlegaste konsekvensen her er at elva frå Brogavatn blir tørrlagt i øvre del.

* Middels/små negative konsekvensar.

8. Nystøldalen-Sunnmork-(Sandvatn)-Daladalen

Området har svært store opplevingskvalitetar og er tildels fritt for nyare teknisk påverknad. Her er eit stort brukspotensiale.

Dei alvorlegaste konsekvensane er knytt til:

- tørrlegging av Mørkebuelva
- kanaliseringa mellom Rundtjønn og Sunnmorkvatn (inntil 1 km)
- tørrlegging av elva ut frå Sunnmorkvatn og kanaliseringa i samband med overføringa til Svortingsvatn
- truleg forverra vilkår for fisken i Sunnmorkvatn.


* Svært store negative konsekvensar.

9. Regnarvatn-Reinaknuten-Salane (Bjørheimsheia-Tyssdalsheia)

Heving og overføring av Reinaknuttjønnane gjennom ein 250 m lang kanal til Longabergdalen er svært uheldig i dette elles upåverka området.

Det er og klart negativt at Regnaråna blir tørrlagt i øvre del og at overføringa frå Skardtjønn delvis skal skje ved kanal.

* Store/middels negative konsekvensar (små negative konsekvensar dersom Reinaknuttjønnane får ligge i fred).



HOVEDDATA FOR DALAVATN OG JØSSANG KRAFTVERK

NEDBØRFELT	114,3 km ²	
ÅRSAVLØP	2878 mill.m ³	
MAGASIN	71,5 mill.m ³	
REGULERINGER:		
SVORTINGSVATN	HRV k. 474,5	LRV k. 454,0
LONGAVATN	HRV k. 449,5	LRV k. 446,5
LIARVATN	HRV k. 297,30	LRV k. 293,30
DALAVATN	HRV k. 288,02	LRV k. 286,55

STASJONSDATA:	DALAVATN KR. VERK	JØSSANG KR. VERK
MAKS BRUTTO FALLHØYDE	188,0 m	288,0 m
TURBIN	FRANCIS, 600 %/min	FRANCIS, 500 %/min
MAKS. VANNFØRING	16 m ³ /s	26 m ³ /s
MAKS. YDELSE	25 MW	65 MW
NETTO ÅRSPRODUKSJON	81,7 GWh	182,4 GWh
BRUKSTID	3300 timer	2900 timer

SAMLET TUNNELLENGDE	ca: 26,6 km
SAMLEDE BYGGEKOSTNADER pr 1/1 1983:	573,5 mill.kr
UTBYGGINGSPRIS	$\frac{573,5 \text{ mill.kr.}}{264,1 \text{ GWh}} = 2,17 \text{ kr/kWh}$

TEGNFORKLARING

- RESTFELT TIL BERØRTE NEDBØRFELT
- NEDBØRFELT PROSJEKTET OMFATTER
- REGULERTE VANN
- VANNFØRENDE TUNNELER
- VANNFØRENDE KANAL
- DAM
- ANLEGGSSVEG

KARTGRUNNLAG: NGO'S KARTVERK M 711
MÅLESTOKK 0 5 000 m

REVIDERINGEN GJELDER

REV. DATO. SIGN.

LYSE KRAFT
JØRPELANDSVASSDRAGET

MÅLESTOKK

TEGN

TRAC

KONTR.

GODKJ.

SAK NR

TEGN NR

REV

HOVEDOVERSIKT

1505 001

BERDAL

INGENIØR A. B. BERDAL A/S

Kjerboveien 14, 1300 SANDNES, Tlf. 02/39 20 11

2. INNLEIING

2.1. GENERELT

Friluftsliv er eit relativt nytt fagfelt både i planlegging generelt og i vassdragsplanlegging spesielt. Men det har ikkje mangla politiske mål når det gjeld friluftsliv i arealdisponeringa det siste tiåret.

I St.meld. nr. 71, 1972-73 (Langtidsprogrammet 1974-77) vart det presentert ei eiga spesialanalyse for friluftsliv. Her er det overordna målet for friluftslivspolitikken skissert slik:

"...alle må få like muligheter til å utøve friluftsliv. Dette betyr at eksisterende muligheter må sikres for dem som utøver friluftsliv, at de som ønsker mer friluftsliv kan få muligheter til det, og at en må dekke det behov som utviklingen vil medføre." (s. 9).

I St.meld. nr. 68, 1980-81 ("Vern av norsk natur") heiter det at

"...en viktig side ved friluftslivet er naturopplevelsen." (s. 50).

Og vidare:

"Hovedformålet i friluftslivspolitikken vil fortsatt være å skaffe alle grupper i befolkningen gode muligheter til å utøve friluftsliv." (s. 50).

Med bakgrunn i desse politiske måla er det viktig å få fram friluftslivsinteressene i plansaker/arealdisponeringssaker.

Denne fagrapporten søker å støtte dei behova forvaltninga, dei påverka partar og planleggar har til viten om friluftslivsverdiane og eventuell skadeverknad på desse dersom reguleringsplanane for Jørpe-landsvassdraget m.fl. vert realiserte.

2.2. OMGREPET FRILUFTSLIV

Friluftsliv er definert som:

"Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse." (St.meld. nr. 71, 1972-73).

Andre og seinare rapportar byggjer i hovudsak på den same definisjonen (NOU 1983:45, Miljøverndepartementet 1984). Definisjonen er godt innarbeidd i forvaltningssystemet og blir også nytta som definisjon i denne fagrapporten.

Omgrepet "aktivitet" vert bruka om det reint fysiske gjeremålet, medan "opplevinga" går på sanseinstrykk, kjensler m.m. som fylgjer med og som er knytt til ei samhandling mellom friluftslivsutøveren og miljøet ikring. Å gå på tur t.d. i eit bynært område kan fysisk sett vere same aktivitet som å gå tur i eit villmarksområde, men opplevinga av dei to turane vil oftast vere vidt forskjellige.

Statistisk Sentralbyrå (1984, s. 31) har gjort granskingar som syner at dei viktigaste aktivitetane er:

- fotturar i skog, mark og fjell
- skiturar i skog, mark og fjell
- fisketurar
- bading utandørs
- joggeturar

Dette var også dei viktigaste aktivitetane i 1970, men jogging har hatt ein klar auke fram til 1982. Dette er og dei viktigaste aktivitetane uavhengig av alder og kjønn, med unntak av fiske som for det meste blir drive av menn og jogging som er hyppigast blant unge.

Med unntak av jogging høyrer desse aktivitetane med i kategorien tradisjonelt friluftsliv (sjå vedlegg 1).

I konsekvensanalyser for vassdragsreguleringar nyttar ein dessutan grupperinga moderne friluftsliv; d.v.s. aktivitetar som krev større grad av tilrettelegging, opparbeiding m.m. og omfattar m.a. sport og idrettsaktivitetar.

Den siste kategorien er andre utandørsaktivitetar som oftast krev lite av fysisk aktivitet, men lett tilgjengelege naturopplevingar ofte gjennom sterk tilrettelegging og/eller bruk av motoriserte framkomstmiddel (t.d. hytteliv, reiseliv, motorbåtturar m.m.). Denne kategorien tilsvarar det Miljøverndepartementet (1985) kallar "annen fritidsbruk av natur."

2.3. OM METODEN FOR KONSEKVENSANALYSER FOR FRILUFTSLIV

Den metoden som vert nytta her er utvikla gjennom arbeidet med Verneplan III for vassdrag (NOU 1983:45), Samlet Plan for vassdrag (Miljøverndepartementet 1984 a) og K-prosjektet (Miljøverndepartementet 1984). Ei faggruppe under leiing av Hanne Toftdahl, (1985) har presisert metoden slik han er nytta i denne rapporten og i tilsvarande konsekvensanalyser, t.d. i konsesjonssøknadane for Etnevassdraget, Nyset-Steggje og vestsideelvane i Jostedalen (Toftdahl 1985 a, 1985 b, 1986). Miljøverndepartementet arbeider med eit rettleiingshefte for slike konsekvensanalyser som vil byggje på erfaringane frå desse rapportane.

Utgangspunktet for ei konsekvensanalyse som denne er den verdien det studerte området har for friluftsliv. For å finne fram til denne verdien nyttar ein fylgjande fire parametrar:

* Opplevingskvalitetar.

Her skal ein presentere og vurdere dei natur- og kulturmessige innslag i vassdragsområdet som kan ha særleg verdi for dei som nyttar området til friluftsliv: landskap, kulturminne, dyre- og

fugleliv, planteliv, geofaglege tilhøve m.m. Innspela her kjem for det meste frå andre fagrapportar, og landskapsrapporten er særleg viktig.

* Kor egna området er for friluftsliv.

Dette punktet skal både gje ein oversikt over dei typer aktivitetar som vert utøvde i dag og den potensielle verdien for ulike aktivitetar. Registreringane vert gjort gjennom feltarbeid, intervju m.m.

* Bruk av området i dag.

Registreringane vert her gjorde ved samtalar med flest mogleg lokalkjende og brukarar/brukargrupper elles. Det kan gjerast større brukargranskingar ved meir omfattande intervjuuskjema, slik det er gjort i dette tilfellet (sjå nærare om metoden i kap. 7.1).

* Regional situasjon.

Her skal ein gje ein grov oversikt over friluftslivsområde i regionen, status for verneplan for vassdrag, urørte natur-/tur-område m.m. Oversikten skal relaterast til brukarane og t.d. vurdere om desse har alternative friluftsområde for dei ulike aktivitetar. Innspela blir her ulike plandokument, samtaler med planleggjarar på ulike forvaltningsnivå, brukarorganisasjonar m.fl. i tillegg til eigne feltstudiar.

Både verdi- og konsekvensvurderingane er baserte på dei kriteriesetta som faggruppa for naturvern og friluftsliv i Samla Plan utarbeidde (sjå vedlegg 5 og 6).

3. JØRPELANDSHEIANE - JØRPELANDSVASSDRAGET M.FL.

Jørpelandsheia ligg mellom Lysefjorden og Tysdalsvatna/Målandsdalen og er knytt til kommunane Forsand, Strand og Hjelmeland.

3.1. OM TILSTANDEN I VASSDRAGET I DAG

Jørpelandsvassdraget har eksisterande regulering, med konsesjonsløyve frå 30/12-1909. Konsesjonen vart gjeve for 80 år.

Tilstanden i vassdraget i dag er som fylgjer:

Dalavatn:	HRV 288,02 - LRV 286,55
Liarvatn:	" 297,30 - " 293,30
(Longavatn:	" 449,50 - " 446,50)
Svortingsvatn:	" 463,50 - " 454,00

Reguleringa av Longavatn er ikkje nytta dei siste 25-26 åra. Strandsonen er i ferd med å gro til.

Vatnet blir ført til to kraftverk ved/i Jørpelandsåna. Det øvste nyttar eit fall på 185 m og får vatnet gjennom eit 1400 m langt trerør frå Dalavatn. Det nedste ligg ved fjorden og nyttar eit fall på 75 m.

Samla middel årsproduksjon er omlag 42 GWh.

3.2. KORT OM UTBYGGINGSPLANANE

Det er i utgangspunktet tre utbyggingsalternativ, men konsesjons-søknaden gjeld alt. I.

Alt. I:

Planen omfattar eit samla nedbørfelt på 114,3 km², dvs. summen av:

Jørpelandsvassdraget	69,2 km ²
Tauvassdraget	8,4 "
Jøssangåna	7,2 "

Div. vassdrag som drenerar til

Lysefjorden (Neverdalsbekken,

Bratteliåna, Skurveåna, Daladalselva) 28,7 "

Fiskåna 0,8 "

Ved hjelp av overføringstunnelar og kanalar skal avløpet frå ei rekkje nedbørfelt førast til Svortingsvatn/Hengjanevatn (sjå kart, s. 9) Fallet frå Svortingsvatn (180 m) vert nytta i Dalavatn Kraftverk (81,7 GWh i midl. årsprod.). Fallet frå Dalavatn til Idsefjorden (285 m) vert nytta i Jøssang Kraftverk (182,4 GWh i midl. årsprod.) som også fangar opp eindel andre nedbørfelt (sjå kartet). I sørenden av Longavatn skal det byggjast ein pumpestasjon som pumpar opp avløpet frå feltet til Longavatn, på overføringstunnelen til Svortingsvatn. Det skal byggjast veg til dammen i Svortingsvatn, til pumpestasjonen i Longavatn, til lukehuset ved Dalavatn og til tverrslaget ved Kjellbrekk.

Hovudmagasinet blir i Svortingsvatn og Hengjanevatn, med ein kommuniserande tunnel imellom. Reguleringa for desse to blir 20,5 m, dvs. at Svortingsvatn får ei tilleggsregulering på 11 m (i form av heving).

For Longavatn, Liarvatn og Dalavatn blir reguleringane som i dag (dvs. at Longavatn skal reetablerast som reguleringsmagasin). Dei to eksisterande kraftverka skal nedleggjast etter ny utbygging.

Det er og tatt med tre mikrokraftverk i utbyggingsplanane (Dalen, Liarvatn og Storåsfoss Kraftverk), med samla midlare årsprod. på omlag 1,5 GWh.

Alt. II

Dette alternativet skil seg hovudsakleg frå det forrige ved at fallet frå Svortingsvatn til Idsefjorden vert nytta i ein stasjon, medan lågare felt i Jørpelandsvassdraget m.m. vert nytta i det øvste av dei to kraftverka som er i drift i dag, i opprusta tilstand. Det nedste kraftverket vil bli nedlagt. Her blir samla midl. årsprod. 244,4 GWh.

Alt. III

Dette inneber ei opprusting av eksisterande stasjonar, utan fleire overføringar eller tilleggsreguleringar (midl. årsprod. 67,7 GWh).

3.3. DELOMRÅDE

For å få ei konkret verdi- og konsekvensvurdering av friluftslivsinteressene i Jørpelandsheiane, er det naudsynt å dele opp nedbørfelta i relativt einsarta delområde. Kriteria for ei slik oppdeling blir her:

- grad av teknisk påverknad
- landskapsmessig "samhald"
- naturleg avgrensing for friluftslivsutøving (utifrå innfallsport og terrengmessige barrierar).

Då terrenget i Jørpelandsheiane er variert og tildels kraftig "oppstykk", delvis påverka av kraftutbygging og har bruksmessig innfall frå fleire kantar, må det bli ei nokså detaljert oppdeling. Følgjande inndeling tykkjest logisk (sjå fig. 3):

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattliknuten - Skurvedalen (beltet langs Lysefjorden).
2. Jøssangåna - Moslivatn - Tinturvatn - Tømmervatn
3. Jørpelandsåna - Dalavatn
4. Svortingsvatn
5. Småsilddalen
6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane
7. Målandsvatn - Vardhusheia - Krokavatn
8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen
9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimsheia - Tyssdalsheia).

Det kan her diskuterast om ikkje t.d. felta 4, 5 og 6 kunne samlast til eit felt. Grunnen til å skilje dei er at:

- 1) Småsilddalen med fjella ikring er eit særprega landskapselement som også terrengmessig er skilt frå omgjevnadane.
- 2) Svortingsvatn er også i dag hovudmagasin og er langt sterkare regulert enn t.d. Liarvatn.




Fig. 2: Preikestolen

4. REGIONAL STATUSOVERSIKT

Landskapsmessig er Jørpelandsheia/Lysefjorden m.m. å rekne til Ryfylke. Bruksmessig bør området reknast til Nord-Jæren (m.a. Stavanger/Sandnes) - Søndre Ryfylke (særleg Forsand, Strand og Hjelmeland).

Brukskvalitetane er hovudsakleg knytt til tradisjonelt friluftsliv, hytteliv, samt båtutfart på Lysefjorden. Det er innan desse bruksområda ein regional oversikt har verdi.

4.1. FRILUFTSLIVSOMRÅDE

Ryfylke har mange regionalt/fylkesmessig viktige turområde, frå Sauda i nord til Frafjord i sør. I høve til resten av fylket er dette relativt store delområde, men topografien (fjordar, dalar) stykkar opp regionen slik at utstrekningen nord-sør er avgrensa. Austover når ein derimot inn i "Ryfylkes Høghei" som er del i storområdet Setesdal Vesthei der Stavanger Turistforening har det meste av løypenettet sitt. Opplevingsmessig er likevel ikkje denne aust-vest gradienten "plettfri" då området er tildels sterkt prega av kraftutbygging (sjå pkt. 4.2.).

Nord-Jæren har og ein del turområde, men desse er mindre i utstrekning, er sjeldan stabile for skigåing og har eit anna landskapsmessig uttrykk. Gjesdal og Bjerkreim kommunar har ein del større turområde som og er egna til skigåing.

Når det gjeld hyttebygging, skal det her berre påpeikast at etterspurnaden er størst i dei snøsikre fjellområda og i spesielle strandområde; etterspurnaden er her større enn tilbodet. Sjå elles arbeidsdokument 3 frå Fylkesrådmannen i Rogaland 1982: "Fritidshus".

Til båtbruk har regionen mange alternative utfartsområde, både i høve til opne øyområde og trongare fjordar.

4.2. VASSDRAG

Ryfylke er sterkt prega av kraftutbygging. I frå nord til sør er fylgjande vassdrag utbygde eller under utbygging:

- Storelvvassdraget (til Sauda) med 1007,5 GWh (mange restfelt er handsama i Samla Plan - alle alternativ i kategori I)
- Suldalslågen med Ulla-Førre, totalt 6070,1 GWh (restfelt i Samla Plan i kategori I og II)
- Stølselva til Lysebotn, med 1452,5 GWh (restfelt i Samla Plan i kategori I)
- Sira; stort sett i Vest-Agder, men med det store reguleringsmagasinet Svartevatn (899-780 m.o.h.) delvis i Rogaland (Forsand)
- Fløyrlø med 208 GWh (restfelt i Samla Plan i kategori I)

Andre større Samla Plan-vassdrag:

- Lingvangelva; kategori III
- Årdalselva; " III
- Espedalsåna; " III & I
- Frafjordelva; " III (og delvis I & II)

Varig verna vassdrag:

- Fuglestadåna
- Håelva
- Orreelva
- Figgjoelva
- Imsvassdraget

Alle desse ligg på Jæren; berre Figgjoelva er registrert med utbyggingspotensiale (10 GWh).

- Vormo, med utbyggingspotensiale på 130 GWh.

Aust for fylkesgrensa er Taumeelva og Njardarheim verna. Njardarheimfeltet av Mandalselva er registrert med eit potensiale på 250 GWh.

Bjerkereimsvassdraget har vore midlertidig verna, men er no foreslått konsesjonshandsama.

(Desse opplysningane er henta frå Miljøverndepartementet 1984 a).



Fig. 4: Den nye parkeringsplassen på Lyngsheia.

5. OPPLEVINGSKVALITETAR

I tillegg til å vera "arena" for fysiske friluftslivsaktivitetar, vil eit naturområde alltid gje ulike grader av tilleggsopplevingar som gjerne ligg på det "indre", det psykiske plan. Desse "opplevingskvalitetane", som dei her er kalla, kan sjølvstøtt vera vanskelege å objektivisere. Utgangspunktet er oftast ein kvalitet i natur- eller kulturlandskapet som "trenger inn" i friluftslivsutøvar, blir "bearbeidd" og gjev utslag på trivsel/velvære/"utbytte" av turen; eller kvalitetane er kjende på førehand og verkar inn på val av friluftslivsområde.

Denne oversikten er kun ein kort presentasjon av natur- og kulturkvalitetar som er nemnde i andre fagrapportar for Jørpelandsvassdraget, eller som har kome fram på andre måtar.

Landskap

Landskapsrapporten var ikkje klar då dette vart skrive; fylgjande er basert på samtaler med ein av dei fagleg ansvarlege for den rapporten.

Landskapet syner stor terrengmessig variasjon, ifrå det heilt opne og vide inne ved Krokavatn - Sunnmorkvatn, til det mest brutale av kontrastar der Lysefjorden dannar fundament for Brattliknuten, Hengjane, Neverdalsjuvet og mest utprega: Preikestolen. I nordvest er eit tilsvarande landskapsinnslag (men mindre dramatisk) med Reina-knuten over Tysdalsvatn. I mellom desse ytterpunkta er terrenget ofte oppbrote med steile skrentar, rasmark og avrunda kollar (t.d. Mosliområdet) eller meir langstrekke, av og til buktande daldrag med variert utforming: hovuddalføret med Jørpelandsåna - Dalavatn - Liarvatn - Forenesvatn, Skurvedalen og Songesand - Daladalen, alle i retning SV-NA, og Svortingsvatn - Hengjanevatn - Midtvatn, Longavatn - Kvednavatn - Stemvatn og Nystøldalen - Sunnmork, meir i retning NV-SA.

Nedbørfeltet er svært vassrikt, med mange tjønner og små/mellomstore vatn.

Kulturminne

Av fornminne er det registrert ein steinalderlokalitet på Jøssang.

På Foreneset er det eit gardsanlegg frå nyare tid, men med moglege spor attende til mellomalderen. Anlegget utgjer ei eining og ligg terrengmessig slik at det har stor opplevingsverdi.

Også Nagastølen og Sunnmork kan ha hatt mellomalderbusetjing; her er iallefall opplevingskvalitetar knytt i stølsvollane med husa (sjølv om Nagastølen har fått eit vel dominerande "blekkplatepreg").

Inst i Liarvatn, på Grimsli, har det og vore busetjing. Området har sterkt kulturpreg (beiting m.m.) og utgjer ein kontrast og variasjon til landskapet elles i dette området.

Planteliv

Variasjonen i terreng samt spennvidda i høgdenivå gjev eit nokså variert planteliv, men med dominans av lite krevjande typer.

Skogen kler mest alle liane opp til 5-600 meter høgde. Dvs. varme-krevjande lauvskog (med alm, lind, ask, eik og hassel) opptil 100 m, "blandingsskogsone" (med or, furu og bjørk) vidare til omlag 500 m.o.h. og "fjellbjørkeskogsonen" opp til 600 m.o.h. (med noko innslag av rogn). Høgare kjem fjellheisonen med m.a. gras- og lynghei. Området har stort myrrinnslag.

Av spesielt verdifulle enkeltområde kan nemnast:

- Området Nagatjønnane - Gryteholtjønn har sjeldne planter.
- Sørensen av Longavatn har ei særprega og sjeldan landskapstype (myr med samanhengande furuskog avbrote av rolege bekkar).
- Sunnmorkvatn-området med mangfaldig flora og sjeldne artar.
- Sjeldne planter ved Hengjanevatn.

Geofag

Dei markante dal-/fjordformene i området (Lysefjorden, Daladalen, Skurvedalen, Jørpeland - Grimsli) er der p.g.a. sprekkesonar frå den kaledonske fjellkjedefaldinga, der utforminga seinare er "fullført" av elvar og brear.

Store delar av turområda har lita (inga) lausmassedekking. Eit unntak er området mellom Krokavatn, Sandvatn og Sunnmorkvatn, der det er ryggar og haugar av morene og dessutan fossile strandliner som seinare er sterkt ravinert (avrenning som har grave seg ned i lausmassene og laga tildels djupe render). Dette er svært iaugefallande.

Dyre- og fugleliv

Området har faste, aukande stammer av rådyr, hjort og elg. Her er streifdyr av villrein frå Setesdalsstamma vestover til Krokavatn. Av store rovpattedyr er her truleg gaupe (på streif). Hare og orrfugl er vanlegast blant småviltet.

Når det gjeld fuglelivet spesielt er her relativt stor rovfuglbestand. Våtmarksfaunaen er heller fattig, men forekomsten av lom i området må framhevast. I skogbeltet er mangfaldet av spetter (m.a. kvitryggspett) interessant. To vesentlege område for fuglefaunaen må nemnast, Skurvedalen - Sunnmork og Småsilddalen. Jamtover er fuglelivet nokså

typisk for regionen, men med relativt mange sjeldne/trua fugleartar. Eindel artar har vestleg utbreiingsgrense her (blåstrupe og truleg boltit).

6. KOR EGNA OMRÅDET ER FOR FRILUFTSLIV

Dette blir ein summarisk gjennomgang utifrå den oppspaltinga i delområde som er gjort i kap. 3.3. Grunnlaget for vurderingane er synfaringar, samtaler med lokalkjende, ei brukargransking, samt ymse plandokument og andre fagrapportar.

I tillegg til å vurdere kor fysisk egna området er for ulike aktivitetar, må også opplevingskvalitetane trekkjast inn i denne samanhengen (jfr. landskapsrapporten).

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattli - Skurvedalen (Lysefjordbeltet)

Dette er eit område med svært store opplevingskvalitetar, knytt til Lysefjorden og den steile nordveggen med Preikestolen, Neverdalsjuvet, Hengjane og Brattli - eit klassisk område med internasjonalt ry. Med unntak av ei kraftline som kryssar sør for Hengjanevatn og over Brattli, samt nokre hytter, er her ingen moderne tekniske inngrep. (Her bør ikkje byggjast fleire hytter, nettopp for å halde på denne tilstanden).

Området kan opplevast/utnyttast på to måtar:

- 1) Båtbruk på Lysefjorden. Dette er ei særleg mektig oppleving om ein legg turen heilt inntil nordveggen og får dei nær overhengande fjella langs båtripa. "Systrene" - dei 4-5 skarpe fjellryggane med mellomliggande juv som bryt vasslina mellom Neverdalsfjellet og Hengjane, er truleg den mest intime kontakt ein får med "villskapen" her frå fjorden. Når det gjeld bekkane/elvane med fjordsida, er det særleg Brattliåna som gjer seg estetisk gjeldande der ho stupar kvit i fjorden ("flaumelv") (sjå fig. 5). Skurveåna møter fjorden like ved, men denne kjem roleg i eit skarpt, nake og lågt gjel med parallelle, vertikale veggjar; mest som ein presentasjon av sprekkesonen Skurvedalen som jo "byrjar" her (sjå fig. 6).

Det går rutebåt på fjorden. Elles er han egna til utfart med både kano, kajakk og motorbåt, men det er heller langt mellom velegna leirplassar langs strendene og vinden kan få godt tak på fjorden.



Fig. 5: Utløpet av Brattliåna.

2. Sjølv om dette beltet langs Lysefjorden kan tykkjast lite gjestmildt, er det gamle ferdselsleier her som bind saman Vatne/Torsnes (Preikestolshytta) - Skogavatn - Hengjane - Brattli - Myra - Bakken. Inn til Preikestolshytta er det bilveg og herifrå er det svært godt opparbeidd/merka sti til Preikestolen. Stiar er det og, med delvis merking vidare til Troppevatn og til Brattli/Myra. Det er og tydeleg sti mellom Hengjane og Hengjanevatn. Strekingen Hengjane

- Myra har eit par passasjar som kan sikrast betre. Det er tildels tydeleg sti opp Skurvedalen (tre solide bruer kryssar elva mellom Bakken og Songesandstølen).



Fig. 6: Utløpet av Skurveåna.

Stavanger Turistforening har skissert planar om eit løypenett gjennom dette beltet, med utgangspunkt i Preikestolshytta. Desse planane omfattar to nær parallelle trasear - den "fjordnære" langs ferdselsleia Torsnes - Myra (som nemnt) og vidare opp Skurvedalen, den indre forbi Hengjanevatn (planlagt turisthytte i desse traktene) og nord-austover til Sunnmork. Austanom Sunnmorkvatn skal desse to løypene møtast (sjå felt 8).

Området er velegna for turgåing - særleg sommarstid. Den indre delen av beltet har og snømengder og terreng som gjer det farbart på ski, t.d. for hyttefolk på Brattli eller i samband med områda nordanfor. Dette kan både vera dagsturområde, og helge- og ferieturområde (i samband med heiane austover).

I Skurvedalen og omkring vatna m.m. i vest er det mykje skog, for ein stor del av lynngtypa; her er altså egna skogsbærområde. Skogen er tildels lite påverka av hogst i nyare tid; urskogspreget gjev ein særeigen opplevingsverdi (t.d. i Skurvedalen og Neverdalen).

Området har heilårsbiotopar for orrfugl, lirype og storfugl, og truleg ein aukande bestand av hjortevilt. Her er eit jaktpotensiale (i lokal målestokk).

Fleire av vatna har ein fiskeproduksjon og -kvalitet som gjer dei velegna for "sportsfiske": Troppevatn, Buksetjønnane, Hengjanevatn, Svartavatn m.fl. Også øvre del av Skurveåna (særleg ovanfor Songesandstølen) har svært gode fiskehøve.

Forsand kommune eig no Bakken; eigedomen når eit stykke opp i Skurvedalen. Stavanger Turistforening eig eit område frå omlag Revsvatn og innover (kring 9 400 da.).

* Her er svært store opplevingskvalitetar og området er svært godt/godt egna for tradisjonelt friluftsliv. Motorbåtturar på Lysefjorden gjev eineståande naturopplevingar.

2. Jøssangåna - Moslivatn - Tømmervatn - Tinturvatn

Dette er eit svært knause område med Moslivatn som det dominerande sentrum omkransa av Moslihamrane, Moslifjell, Sauafjell m.fl. (sjå fig. 7). Tinturvatn ligg ved overgangen til Svortingsvatn og Tømmervatn fram på brynet mot Jørpeland. Det går no privat veg fram til sørvestenden av Moslivatn der det er ein relativt stor parkeringsplass; denne er også open om vinteren. Det er no på tale å stenge vegen med bom (dei som betalar årsavgift får nykjel?). Ein reguleringsplan for 1982 omfattar 34 hytter her ved vegen/vatnet. Fleire av desse står ferdige idag, og eindel sto her frå før. Strand Sportsfiskarlag har ei hytte ved Tinturvatn. Det går ein traktorveg (?) opp Kjellbrekk frå Selemork og fram mot Tinturvatn (sjå fig. 11).



Fig. 7: Moslivatn mot Moslifjell.

Opplevingsmessig har området eindel vesentlege kvalitetar, med t.d. Jøssangmyrane og den meandrerande Jøssangåna, og det oppflika Moslivatnet m.fl. omkransa av skogkledde liar og steile knausar over desse. Hyttene er i ferd med å få eit noko dominerande preg, men dei fleste er nokså konsentrerte i sørvestenden av vatnet.

I tursamanheng er dette eit noko isolert område (terrengmessig), men i høve til Jørpeland - Dalen er det likevel velegna som del av mindre rundturar t.d. med start frå Foreneset. Opp Kjellbrekk er den beste måten å få samanhengande tur frå Jørpeland og austover, til Buksetjønnane, Hengjanevatn og vidare, utan for store terrengmessige hinder.

Med vegen like inntil Moslivatnet er det lett vint å ta med kano/kajak/seglbrett til bruk i vatnet. Sjølv om dette er eit heller lite vatn har det landskapsmessige kvalitetar i høve til båtbruk. Hyttene (som tildels ligg heilt utpå nesa) kan nok likevel leggje ein dempar på den allmenne padleaktiviteten.

Det er aure i både Moslivatn, Tinturvatn og Tømmervatn, tildels av ypperleg kvalitet. Her er ikkje organisert fiskekortsal, men det blir drive eindel kultiveringsarbeid.

Det er ikkje opna for elgjakt i Strand kommune, men elgstamma er aukande. Det går elgtrekk gjennom området, og her er tilhaldsplass for elg om vinteren. Området kring Moslivatn er rekna som ein god lokalitet for hare og orrfugl. Her finst og storfugl og lirype.

- * Delar av området er prioritert for hyttebygging; det kan resultere i visse konflikhtar i høve til det allmenne friluftsliv. Her er i alle høve middels/store opplevingskvalitetar og området er middels/godt egna til tradisjonelt friluftsliv. Her er godt egna for hytteliv.

3. Jørpelandsåna - Dalavatn; det vil seie daldraget mellom Jørpeland og Dalen - Foreneset.

Dette er i hovudsak eit kulturpåverka område, som m.a. omfattar det nederste reguleringsmagasinet (Dalavatn) og baa kraftstasjonane i den noverande reguleringa. Det går fylkesveg langs denne delen av vassdraget (på vestsida). Det går og ein gamal veg opp langs austsida eit stykkje; denne er i tildels dårleg forfatning (til bilbruk). Elva kan kryssast ved t.d. den øvre kraftstasjonen og dammen i Dalavatn.

Når det gjeld naturlandskapet er storformene det mest iaugefallande; dalføret omkransa av relativt mektige fjell (Førlandsfjell, Homknuten, Husafjell m.fl.). Dalsidene er skogkledde (delvis prega av skogsdrift). Trass i eksisterande regulering er Fossen (Jørpelandsfossen) enno eit mektig syn, særleg i vår- og haustflaumen. Fossen ligg like inntil vegen heilt nede i busetjinga og er såleis "til velsigning" både for fastbuande, forbipasserande og friluftslivsutøvarar; det er ein velegna badeplass her ved Fossen.



Fig. 8: Jørpelandssfossen.

Elva fører laks og sjøaure opp til Fossen (omlag 800 m). Strand Sportsfiskarlag disponerar fiskeretten, sel fiskekort og driv kultiveringsarbeid. Dalavatn er nær overfolka av aure. Her er gode gyte- høve og velegna for "hardfisking", iallefall i ein overgangsperiode.

Av jaktbart "matvilt" er det særleg hare som er påvisa i god bestand i dette dalføret.

Dei skogkledde liene gjev gode høve til bærplukking (blåbær/tytebær).

I tursamanheng er særleg parkeringsplassen ved Foreneset eit velegna utgangspunkt, både sommar og vinter. Det gjeld både langturar til det indre av Jørpelandsheia og vidare, og kortare rundturar attende til Jørpeland t.d. via Svortingsvatn, Tinturvatn og Selemork (sjå felt 2). Her er og velegna for rundtur den andre vegen, Dalen - Regnarvatn -Jørpeland, t.d. via Førlandsfjell der ein har vid utsikt. Det går stiar frå Dalen til Regnarvatn.

Avstanden til Jørpeland og vegnettet gjer dette området (delvis saman med naboområda) aktuelt i høve moderne friluftsliv (trening, sykling, jogging) og andre utandørs aktivitetar (bilturar med rasting, idrett, hytteliv).

* Området er middels/godt egna for både tradisjonelt og moderne friluftsliv og andre utandørs aktivitetar.

4. Svortingsvatn

Hovudgrunnen til at dette er skilt ut som eige felt er den sterke reguleringa (9,5 m) og seine oppfyllinga som er her idag. Bruksmessig må Svortingsvatn ofte sjåast i samanheng med naboområda. Ved HRV er dette eit vatn som enno har vesentlege opplevingskvalitetar, med øyar og nes, den steile Naganibba i aust og ikkje minst Nagastølen. Det er nokre hytter kring vatnet.

Det går ein svært god sti frå Foreneset, opp Lågalia til dammen og innover forbi Nagastølen og Nagatjønnane (sjå felt 6). For å nå t.d. Hengjanevatn/Hengjane ifrå Foreneset/Svortingsvatn er båt/kano over Svortingsvatn beste måten; om ein ikkje er lokalkjent er det noko vanskeleg å taka seg forbi Naganibba. Det er og framkomeleg til Buksetjønnane/Hengjanevatn langs sørsida av Svortingsvatn. Til ein viss grad er dette området også egna til skigåing; det regulerte vatnet har nokså stabil is med unntak av ei råk som ofte lagar seg utanfor Rovaneset.

I den fiskeribiologiske rapporten heiter det at vatnet har ein tynn fiskebestand og at det knapt er ønskjeleg med særleg fiske. Her blir no drive kultivering med utsetjing av aureyngel.

Sør for vatnet er det vinterområde og trekkleier for elg. Når det gjeld småvilt, er det t.d. vinterlokalitetar for lirype her på sørsida og elles årsområde for orrfugl både på nord- og sørsida.

- * Området er kun egna for tradisjonelt friluftsliv, og hovudkvaliteten ligg i den tydelege stien opp frå Foreneset og inn forbi Nagastølen.

5. Småsildalen

er og eit område som bruksmessig har utgangspunkt i Foreneset.

Landskapsmessig er dette ein særprega botndal med Botnatjøna innerst omkransa av bratte skogkledde lier og steile, relativt skarpe nutar og fjell over desse. Mest framtrедande er Heiahorn og Småsildhorn som også er blikkfang frå Foreneset. Skogområda her inne er blant dei rikaste fuglebiotopane i Jørpelandssområdet.

Det går tydeleg sti inn i dalen frå Foreneset. Sjølv om liane kring dalen tykkjast uframkomelege er det farbare leier over til Nagaheia og Holmavatn. Vinterstid er det opparbeidd skiløype inn til/i Småsildalen frå Foreneset. Det blir no opparbeidd breiare løype for jogging/skibruk.

Her er heilårsbiotop for orrfugl. Det er aure i tjønnane i Småsildalen, men oftast småfallen.

Fjella som omkransar dalen kan kanskje egne seg til fjellklatring (i liten skala).

Strand kommune eig store delar av Småsildalen.

- * Her er svært store opplevingskvalitetar og dalen er godt egna for tradisjonelt og moderne friluftsliv (trening, jogging).

6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane

Liarvatn er regulert 4 m. Denne greina av Jørpelandsvassdraget er idag ikkje regulert lenger inn enn hit, då reguleringa i Longavatnet ikkje blir nytta. Liarvatn har lita magasineringssevne; vasstanden svingar tidt.

Det er eit noko buktande og tildels forgreina dalsystem som her omkransar vassdraget og dei skogkledde liene.

Det er eindel hytter i området, dei fleste i vestenden av Liarvatn og kring austre del av Forenesvatnet, men og enkelte ved Grimsli, Holmavatn, Øyevatn m.fl. (ialt omlag 25 hytteeigedomar ved Liarvatn). På Hjelmelandssida er det visse hytteplanar for området Grimsli - Holmavatn.

Langs søraustsida av Liarvatn går det sti som fortset langs Grimsliåna. Ved Tverråna delar han seg i ei grein mot Holmavatn - Øyevatn; den andre fortset langs hovudvassdraget til Foreneset og Longavatn. Det er og (tildels utydeleg) stisamband frå Øyevatn og vidare til Nagatjønnane der stien fortset markert over Nagaheia til Nagastølen. Småsilddalen har og mogelege ferdselsleier (tildels stiar) over til Holmavatn og til Nagaheia. Ifrå Bjørheimsheia/Longabergdalen er det ei ferdselslei over Tyssdalsheia til Forenesvatnet. Vidare austover frå Longavatn er det ope, lettgått lende over Vardhusheia (sjå felt 7). Veggen under Vardhusheia har truleg kvalitetar for fjellklatring.

Vasstanden i Liarvatn svingar hyppig. I tillegg til dei estetiske konsekvensane lagar dette tildels store praktiske problem i høve til båtbruk og skigåing.

Når det er stabile snø- og isforhold er dette svært velegna skitur-område med utgangspunkt frå Foreneset. Skileiene må hovudsakleg fylgje vassdragssystemet. Her er svært gode høve til å forlenge skiturane austover (sjå felt 7 og 8). Liarvassisen (ved Foreneset) er av og til velegna for skeising.

Elles er Liarvatn lett tilgjengeleg for bruk av kajakk, kano eller seglbrett, og med lette farkostar kan ein og ta desse med seg til Forenesvatn og Longavatn (t.d. samanleggbare kanoar). Båt er i alle høve den greiaste måten å koma til Grimsli.

I traktene Forenesvatn - Holmavatn er det heilårsområde for elg. Traktene kring Longavatn og Liarvatn er rekna som gode orrfugl- og lirypelokalitetar.

Det er aure i alle vatna i området; nærare kjennskap til kvaliteten har ein for Liarvatn, Forenesvatn og Longavatn. Liarvatn er sterkt overfolka med tildels dårleg kvalitet på fisken. Forenesvatn har og ein svært tett aurebestand, men her med svært god kvalitet (truleg eit produktivt fiskevatn). I Longavatn er kvaliteten under middels med tidleg stagnasjon (for store bestand i høve til næringsgrunnlaget). Alle desse vatna bør/kan fiskast hardt. Også Holmavatn har truleg småfallen fisk.

Dei skogkledde områda er bærtrakter og dei mange vatna gjev høve til bading (svaberg og enkelte sandstrender).



Fig. 9: Grimsli

* Her er tildels store/svært store opplevingskvalitetar (t.d. Nagatjønnane/Nagaheia, sørenden av Longavatn, Forenesvatn med elvesystemet og Grimsli), men den eksisterande reguleringa i Liarvatn og noko av hyttebygginga legg dempar på den estetiske opplevinga.

I periodar er dette området svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, men reguleringa av Liarvatn lagar som sagt problem i høve til båtbruk (tildels lang dragesone ved land) og skigåing (usikker is og tildels open råk).

7. Målandsdalen - Vardhusheia - Krokavatn

Dette er forlenginga austover av det førre området. Her er eit anna landskapsmessig uttrykk: Dominans av meir ope og snautt, nærmast viddeprega terreng (tildels sørvendt), variert med bratte skrentar og mange vatn (der Krokavatn er det klart største). Ned mot Målandsdalen går ei relativt jamt bratt skogli med fleire elve- og bekkedalar (m.a. elva frå Brogavatn/Målandsvatn). Det er nokre hytter i området Brogavatn - Venevatn - Krokavatn. Desse er tildels svært synlege i det opne lendet. Hjelmeland kommune har sett grenser for vidare hyttebygging i området.

Det går stiar opp frå Målandsdalen, m.a. ein tydeleg sti frå Haugen og opp forbi Målandsvatn/Brogavatn. Her er og stisamband vestanfrå Longavatn og Grautabotn. Austover er det sti forbi Tveitestølen til Nystøldalen. Med unntak av lia opp frå Målandsdalen ligg dette området over skoggrensa; terrenget og markdekket er slik at ein her har mindre bruk for sti. Dette tilseier og at området er svært vel-egna for skigåing, og bruksmessig må ein sjå det i samanheng med områda både austafor og vestafor.

Den mest veg- og busetjingsnære tilkomsten er frå Målandsdalen - Årdal. Vegen til Lyngsvatn (med nyleg opparbeidd parkeringsplass under Kubbåsen/Midthei) er truleg det laglegaste startpunkt, særleg vinters-

tid. Men i samband med lengre turar (lange dagsturar/fleirdagsturar) er dette området også godt tilgjengeleg vestafrå (særleg når det er stabil is på Liarvatn og tilstrekkeleg med snø frå 2-300 m.o.h.).

Li- og daldraga ned mot Målandsdalen er biotopar for elg og dels rådyr og hjort. I Hjelmeland er det opna for både elg- og hjortejakt. Det er sett villrein (frå Setesdalsstamma) så langt vest som til Krokavatn. Når det gjeld småvilt, er det lirype og dels fjellrype i heile det høgareliggjande området. Skogtraktene har orrfugl.

Kjennskapen til fiskebestandane er mangelfull, men det er aure i alle (?) vatna av nokon storleik (Krokavatn, Hillravatn, Venevatn, Brogavatn og Målandstjøenna). Brogavatn har tildels fisk av god storleik, men med kvalitet noko under middels. Her bør fiskast hardare. Målandstjøenna har svært småfallen fisk av dårleg kvalitet. Her må det til hardfiske med finmaska garn for å betre bestanden. Venevatn har tilfredsstillande kvalitet på fisken, men bestanden er i ferd med å bli for tett og toler hard fiske. Alle desse vatna har relativt høg pH p.g.a. gunstige berggrunnsvilkår.

* Her er store opplevingskvalitetar som særleg kjem til sin rett gjennom kontrasten til områda i sør og vest. Her er svært liten påverknad med unntak av nokre hytter.

Desse traktene er godt/svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, særleg i samband med naboområda.

8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen

Dette er det austlegaste feltet som desse utbyggingsplanane omfattar. Landskapsmessig er her eit stort spekter. Daladalen - Songesand i sør er nærmast å rekne som ein parallell sidedal til Lysefjorden. Her er sterkt kulturpreg med fast busetjing, gardsdrift, veg og fleire kraftliner. Det går fleire stiar herifrå opp til støyls- og beiteområda, t.d. frå Hatleskog til Songesandstølen, og frå Helmikstøl opp Mørkebudalen (bru over elva to stader). Her oppå "plataet" (som stort

sett ligg over skoggrensa) er det mange vatn mellom avrunda, tildels steile knausar, men med opne, milde parti innimellom, t.d. kring Sunnmorkvatn. Her ligg og plassen Sunnmork der det har vore busetjing i eldre tid. Sunnmorktraktene har og relativt store lausmasseavsetningar med iaugefallande raviner, samt mangfaldig flora med tildels sjeldne artar. Rett nordover frå Sunnmork går Nystøldalen som knyt dette fjellområdet til Årdal. Dette er ein uvanleg lang og nokså rettlina dal, men likevel med ein variasjon og høgdegradient av stor opplevingsmessig verdi. Det går tydeleg sti gjennom denne dalen. Tydeleg sti er det og som bind saman Sunnmorkvatn, Rundtjønn og Kvernavatn; han er noko mindre tydeleg vidare til Mørkebuvatn. Elles er det markerte stiar på både sider av Sunnmorkvatn, mot Songesandstølen - Skurvedalen og over til Songesand.

Som nemnt under felt 1 har Stavanger Turistforening planar om eit rutenett gjennom dette området som ein "ny innfallsport" til indre Ryfylke - Setesdalsheiane. Den skisserte traseen fylgjer den omtala stien Sunnmorkvatn - Rundtjønn - Kvernavatn - Mørkebuvatn og vidare austover forbi austenden av Sandvatn.

Dette er svært velegna skiområde med ikkje alt for mange steile bergskrentar. For fastbuande og hytteeigarar på Songesand er det best å gå inn Mørkebudalen; brukarar elles har relativt lett tilgjenge til dette området frå bilvegen til Lyngsvatn som om vinteren er open til parkeringsplassen under Kubbåsen.

Det er elgbiotop oppover i Nystøldalen. Streifdyr av villrein kan ein av og til sjå i desse traktene. Det er gode heilårsområde for lirype mellom Sandvatn og Daladalen. Her er og spreidde innslag av fjellrype.

Vatna i området har varierende tilstand som fiskevatn. Kvernavatn har ein svært liten aurebestand (dårleg gytehoeve, pH under 5). Rundetjønn er truleg (nær) fisketomt, trass i tilsynelatande gode gyte- og oppvekstvilkår. Storlitjønn har truleg heller ikkje fisk. Sunnmorkvatn derimot har ein tett aurebestand med jamt god kvalitet. Av alle vatn

som desse utbyggingsplanane omfattar har Sunnmorkvatn den høgaste målte pH (5.43). Her er og gode gytehøve og vatnet bør fiskast nokså hardt.

* Området har tildels svært store opplevingskvalitetar, og her er svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv.

9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimssheia - Tyssdalsheia)

Dette beltet mellom Dalavatn - Liarvatn - Forenesvatn og Bleiåna - Tyssdalsvatn - Målandsdalen er nærmast eit "isolert" lite fjellområde med store landskapsmessige kvalitetar. Sett ifrå Stavanger/fjorden omfattar dette den "høgre halvdel" av den berømte Bjørheimskjeften, med Reinaknuten som det mektige toppunkt (787 m.o.h.). Denne toppen (som gjev svært vid utsikt) kan ein nå (delvis på sti) frå vegen langs Regnåna/Regnarvatn; om ein vil ha heile høgdegradienten frå Tyssdalsvatnet (39 m.o.h.) kan ein gå opp frå Tyssdal (delvis sti) eller rett og slett klatre fjellveggen.

Utover desse steile formene i nordvest har terrenget stort sett variasjon over eit "mildare tema"; det opne, tildels lettgåtte lendet (sti) innover Longabergdalen og over til Tyssdalsheia, men med tildels mektige fjellformer ikring (Tibergfjellet, Krossen, Ternefjellet, Skorefjellet, Krunefjell m.fl.). Det er og eit (noko utydeleg) stisamband gjennom Grautabotn til Målandstjønn. Til/frå Jørpelandsvassdraget er det stiar/ferdselsleier mellom Dalen og Regnarvatn, frå Foreneset gjennom Ternesekardet til innerenden av Longabergdalen, og over Tyssdalsheia til Forenesvatn.

Det er kring ti hytter ved Regnarvatn og eit storfelt (omlag 60 + 30 tomtar) under oppbygging ved Bjørheimssheia. Det er vegsamband mellom Jørpeland og Bjørheimsbygd - vegen går delvis langs Regnåna. Frå denne går det avstikkarar til hyttefeltet på Bjørheimssheia (ovanfor Rotabakken) og til Regnarvatn, både endar i ein relativt stor par-

keringsplass. Regnarvatn er vasskjelde for kommunen (her er skilt: "Drikkevann. Vis renslighet. Bading, jakt og fiske forbudt"). Det er eit inngjerda storfebeite her vestafor vatnet.

Med utgangspunkt i dei nemnde parkeringsplassane er dette også velegna skitrukker (når det er snøforhold til det); det gjeld særleg austover i Longabergdalen - Tyssdalsheia og eventuelt vidare austover/sørover. Heile dette draget er for det meste sørvendt.

Desse bratte liane sør for Tysdalsvatnet/Bjørheimsvatnet er kjerneområdet for hjort i Strand/Hjelmeland. Longabergdalen m.m. har heilårsbestand av elg. Her er og heilårsområde for orrfugl.

Regnarvatn har ein aurebestand som er for stor og som bør fiskast hardt med småmaska garn (fiskeforbodet som gjeld idag tykkjest noko meiningslaust. Bør ikkje forbodet eventuelt gjelde bruk av motorbåt?). Kjennskapen til dei andre vatna er mangelfull, men der er ein aurebestand i Longabergvatnet.

Delar av området er velegna til bærplukking.

Vegsambandet og den korte avstanden til Jørpeland/Bjørheimsbygd gjer at vestre delen av dette området er egna for moderne friluftsliv (trening, sykling, jogging) og andre utandørsaktivitetar (bilturar med rasting, hyttebygging/hytteliv).

* Her er tildels store opplevingskvalitetar, og området er godt egna for tradisjonelt friluftsliv. Det er og godt/middels godt egna for moderne friluftsliv og andre utandørsaktivitetar.

7. BRUK AV OMRÅDET I DAG

7.1. METODE

Grunnlaget for dette kapitlet er fyrst og fremst ei brukarregistrering som vart gjennomført hausten -85. Eindel skjema (sjå vedlegg 2) vart dela ut i løpet av feltarbeidet; dei aller fleste vart sendt ut etterpå. Formålet med registreringa var å nå dei faktiske brukarane av området, altså ikkje t.d. å finne ut kor stor del av innbyggjarane i Forsand, Strand og Hjelmeland som brukar området til friluftsliv; det ville krevje alt for stor innsats for å gje materialet statistisk hald.

Utgangspunktet for kven som skulle få tilsendt skjema var den kjennskapen medlemmane i Det rådgjevande kontaktgruppa hadde til brukarar. Etterkvart har så desse brukarane gjennom sine svar informert om andre brukarar osb. I tillegg er det gjort systematiske utsendingar til alle hytteeigarar i Strand (etter utskrift frå GAB-registeret), grunneigarar/hytteeigarar i Hjelmeland (via Rådmannen i Hjelmeland), samt utdeling via kjentmann til alle busette og hytteeigarar i Songesandsområdet.

7.2. RESULTAT

7.2.1. Generelt:

Det er ialt sendt ut 292 skjema. Av desse har 171 gjeve svar, d.v.s. ein svarprosent på 58,56. Då det var høve til å svare anonymt, har purring vore uråd.

126 (74%) av dei innkomne svara kom frå Strand, Hjelmeland og Forsand kommunar (dei langt fleste frå Strand), desse blir her rekna for lokale brukarar. 43 (25%) frå Nord-Jæren (d.v.s. Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg, Klepp og Time kommunar). 2 (1%) kom andre stader ifrå.

31 (18%) svar kom frå grunneigarar, 92 (54%) frå hytteeigarar. Den store delen hytteeigarar, samt graden av regionale brukarar er nok utslagsgjevande når så mange som 66% (113) oppgjev at dei nyttar området til friluftsliv i helgene (1-3 dagar) og 42% (71) i ferien (fleire enn 3 dagar). 75% (129) nyttar området til dagsturar.

På spørsmål om kvifor dei driv friluftsliv i nett dette området svarar 70% (120) at det er lett tilgjengeleg, 74% (126) at det er godt turterreng og 75% (129) at her er fin natur/landskap. Mange oppgjev (i tillegg) at området er særleg egna for enkelte/"alle" friluftslivsaktivitetar (særleg fot- og skiturar), at dette er ein innfallsport til Lyseheiane eller at dei driv friluftsliv fordi dei har hytte her.

Når det gjeld fordelinga på dei ulike aktivitetar, er tala som fylgjer:

Fotturar blir drive av	93% (159)
Skiturar " " "	73% (125)
Fiske " " "	62% (106)
Jakt " " "	22% (38)
Bær- og sopplukking blir drive av	68% (117)
Bading " " "	35% (59)
Båtturar (inkl. kano) " " "	29% (49)
Andre aktivitetar " " "	23% (40)

(desse "andre aktivitetar" er særleg naturstudiar, foto, fjellklatring, klasse- og speidarturar, idrett og trening, sauetilsyn, hytteliv, sykling, hundekøyring, rideturar).

Kor mange dagar i året som blir nytta til dei ulike aktivitetane går fram av vedlegg 3.

Fylgjande prosentdel av utøvarane seier at dei ikkje brukar andre område, eller at dei brukar andre område mindre enn dette (sjå bakgrunnstala i vedlegg 3):

Fotturarar	76%
Skiturarar	68%
Fiske	73%
Jakt	65%
Bær- og sopplukking	75%
Bading	48%
Båtturarar/kano	52%
Andre	62%

Dei som brukar andre område meir, utgjer fylgjande prosentdel:

Fotturarar	13%
Skiturarar	20%
Fiske	25%
Jakt	18%
Bær/sopp	5%
Bading	38%
Båtturarar/kano	38%
Andre	30%

Når det gjeld å vurdere kva verdi det har for den enkelte å utøve dei ulike aktivitetar i dette området, svarar fylgjande prosentdel at det har stor/svært stor verdi (sjå bakgrunnstala i vedlegg 3):

Fotturarar	97%
Skiturarar	85%
Fiske	65%
Jakt	51%
Bær- og sopplukking	49%
Bading	51%
Båtturarar/kano	57%
Andre	89%

I tillegg til enkeltpersonar/familiar er det og sendt ut/kome svar frå eindel lag/foreiningar/skular m.m. Desse svara er og inkludert i tala ovanfor.

7.2.2. Dei enkelte delområda:

Då spørjeskjema vart sendt ut, var ikkje denne inndelinga i delområde klargjort. Informantane vart berre spurde om kvar dei dreiv ulike former for friluftsliv, ved t.d. å teikne det inn på eit vedlagt kart.

Dei innkomne svara er langt på veg slik at det er vanskeleg å fordele dei ulike aktivitetane på delområde. Den meir generelle informasjonen om kvar dei driv "friluftsliv" er derimot gjeven på ein tilfredsstillande måte. Ein stor del uttalar at dei driv friluftsliv i "heile området"; desse er då tildela "ei stemme" på kvart av delområda.

Spørjeskjemaet hadde særleg detaljerte spørsmål om fiske. Her har det tydeleg vore vanskeleg å gje klare svar. Ikkje minst er det noko vanskeleg å lage seg eit bilete av kvar dei har fiska. I den grad det let seg identifisere på skjemaet, har delområdet (altså ikkje kvar(t) enkelt elv/vatn) fått stemme som fiskeområde. Desse tala må ein ikkje leggje for stor vekt på.

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattli - Skurvedalen

53% (90 skjema) brukar dette området (18% av tal registrerte "fiskarar" (106) oppgjev at dei fiskar her).

Bruken er særleg knytt til turgåing (særleg sommar, men og vinter), bær- (og sopp-?) plukking, jakt, fiske, naturstudiar, fotografering og båtturar på Lysefjorden.

Den truleg mest omfattande bruken er ikkje fanga opp av denne brukarregistreringa, nemleg dei mange tilreisande (tildels "eingongs"-) turistane som kjem hit frå inn- og utland (m.a. i bussar) for å oppleve Preikestolen/Lysefjorden. Mange er også dei (ikkje minst utlendingar; franske er særleg nemnt) som har betre tid og tek med seg heile strekningen til Brattli til fots (med telt). Ein av informantane som har hytte ved Skogavatnet fortel at i hyttebøkene hans har over 500 ulike overnattingsgjester skrive seg inn.

Blant dei som kjem med småbåtar på Lysefjorden er og utlendingane ei vesentleg gruppe (m.a. danskar og tyskarar).

Preikestolshytta blir bruka til leirskuledrift.

Stavanger Turistforening eig grunnen, m.a. der 25. Stavanger KFUM Speidergruppe bygde seg hus ("Baroniet" på Torsnes) i 1979. Huset blir nytta mest kvar helg/ferietider heile året. Det vert og leigd ut til andre speidargrupper, ungdomsklubbar o.a.

Det er nokre spreidde hytter i området, dei fleste kring Brattli.



Fig. 10: Stien til Preikestolen

2. Jøssangåna - Moslivatn - Tømmervatn - Tinturvatn

42% (71 skjema) brukar området (blant fiskarane er talet 18%).

Bruksområdet er særleg hyttebygging/hytteliv, fotturar og skiturar, bær- og sopplukking, bading, fiske og småviltjakt, samt båtbruk (særleg dei som har båt i vatnet).

Den mest stabile brukargruppa er nok hytteeigarane (kring 25), men det lette tilgjenget har nok og auka bruken av andre, særleg Jørpelandss-folk. Jørpelandsspeidarane (Norsk Speiderforbund) har hytte ei ved utløpet frå Moslitjønnane som blir flittig bruka. Ei speidargruppe frå Stavanger nemner strekningen Jørpeland - Selemork - Tinturvatn - Hengjanevatn/Troppevatn osv. som ei av deira viktige turleier. Av andre grupper som brukar området organisert må nemnast idrettslaga MIL og Jørpeland Turn, institusjonen Tunglandstunet og Strand Sportsfiskarlag (hytte ved Tinturvatn).

Dette er blant dei mest nytta jaktområda i Strand.

3. Jørpelandssåna - Dalavatn

31% oppgjev at dei nyttar området til friluftsliv (blant fiskarane 12%).

Når det gjeld den isolerte bruken av området, er den særleg knytt til fiske i Jørpelandssåna (laks/sjøaure nedanfor Fossen) og Dalavatn, bading i/ved Fossen, hytteliv ved Dalavatn, samt trening, jogging, sykling på vegane m.m. langs vassdraget.

Utover dette har ein her den viktigaste kanalen inn til Jørpelandsheia (parkeringsplassen ved Foreneset). Som nemnt under forrige felt er det ein del som fylgjer vegen inn til Selemork, opp Kjellbrekk til Tinturvatn og vidare.

Av laks/sjøaure blir det fiska nokre hundre kilo i året (sein oppgang om hausten). Den største laksen i 1984 var på 21 kg, i 1985 på 14 kg (opplysningar frå Sportsfiskarlaget). Fossen er mykje nytta til bading og fungerer nærmast som ein sosial samlingsplass om sommaren. Det blir og bada noko i Dalavatn.

4. Svortingsvatn

blir nytta av 40% (fiskarar 3%). Bruken har hovudsakleg utgangspunkt i parkeringsplassen på Foreneset. Viktigast er bruken om sommaren med ferdsel opp Lågalia, langs vatnet til Nagastølen og vidare. Som nemnt under førre felt er det eindel som legg turen til austområda, opp frå Selemork forbi Tinturvatn og Svortingsvatn. Vinterstid er det og eindel ferdsel, men det er mogleg/truleg at kneiken opp Lågalia og det regulerte vatnet hindrar den store utfarten hit.

Det blir no fiska lite i vatnet. Traktene kring Svortingsvatnet har det største jakttrykket (småvilt) i kommunen.

Det er nokre få hytter kring vatnet (5-6). Desse m.fl. har båt. Ei speidargruppe nemner at dei brukar samanleggbare kanoar i Svortingsvatn/Hengjanevatn (ber dei opp frå Foreneset).

Det er eindel blåbærplukking i skogtraktene.

5. Småsilddalen

er og bruka av 40% (2% til fiske).

Bruken her er både isolert og i samanheng med nabofelta i aust og nord. Igjen er det Foreneset som er utgangspunkt.

Den gode stien inn i dalen blir både nytta til vanleg turgåing og joggeturar. Om vinteren er her ei godt opparbeidd skiløype som og er nytta til trening (t.d. "raske" ettermiddagsturar før mørkret kjem). Jørpeland Turn har siste året arbeidd med rydding og noko planering for å utbetre denne jogge-/skitraseen.

Overgangen til Holmavatn eller Nagaheia blir og nytta noko til turgåing. Elles er det fiske, småviltjakt og blåbærplukking i dalen.

Det er hovudsakleg Jørpelandfolk som brukar området.

6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane

I denne registreringa er dette det mest nytta av alle delområda (66% av alle skjema). Det same gjeld for utøving av fiske (30%).

Her er eit allsidig bruksfelt, hovudsakleg med Foreneset som utgangspunkt. Sommarstid blir både båt over Liarvatn og stien langs sør-austsida nytta. Om vinteren er isen einaste ferdselslei. Når det er god is og snøen er avblåsen, køyrer ein ofte bil heilt til Grimsli (slik som i år, vinteren 85/86). Andre tider, særleg på vårparten, blir skiutfarten hemma fordi isen er usikker, har overvatn eller ligg med open råk. Det hender og at ein må høgare opp enn Liarvatn/Grimsli for å få brukleg skiføre (sjå felt 7 og 8). Under gunstige snøforhold er det ofte oppkøyrte snøscooterløype frå Foreneset og inn langs/på vassdraget til Longavatn og vidare austover (felt 7). Ved Tverrån i svingar det av ei skiløype opp til Holmavatn. Eindel lagar rundtur av det via Øyevatn, Nagaheia og Svortingsvatn. Alt ialt er dette det mest nytta nærutfartsområdet for Jørpeland om vinteren.

I tillegg til desse dagsturistane er det ein god del hyttteeigarar (dei fleste hyttene ved Liarvatn, samt eindel ved Forenesvatn og Holmavatn, ialt kring 40-50 hytter?) som nyttar området i helger og feriar. Dette er m.a. sameigehytter med store brukargrupper.

Båt over Liarvatn er den vanlegaste måten å taka seg inn til Grimsli. Ei speidargruppe nemner og at dei nyttar samanleggbare kanoar som dei tek med vidare til Forenesvatn og Longavatn.

Det blir fiska noko overalt i dette området, delvis frå båt (garn) t.d. hytteeigarar/grunneigarar, delvis "fotfolk" med stong. Fleire stader blir det bada, t.d. i Holmavatn. Det blir og drive eindel småviltjakt. Her er mange skogkledde dalgangar/lisider der ein plukkar blåbær.

Ein noko spesiell bruk er skeising på Liarvassisen (ved Foreneset) når det er trygg is utan snø.

7. Målandsdalen - Vardhusheia - Krokavatn

Av dei registrerte nyttar 40% dette området (til fiske 10%).

Bruksmessig må ein delvis sjå dette området i samband med det førre. Det gjeld særleg tur/skigåarar frå Foreneset (Jørpeland), hytteeigarar i felt 6 som nyttar felt 7 som del av sitt turområde, m.fl. Den oppkøynde scooter-løypa frå Foreneset (sjå felt 6) fortset igjennom dette området (Venevatn, Hillravatn og vidare forbi Tveitestølen) til Nystøldalen.

Elles er det eindel som kjem opp frå Målandsdalen (helst på barmark) og ikkje minst via Lyngsvassvegen/Nystøldalen lenger aust. Dette feltet blir særleg mykje bruka om vinteren - det ligg høgt, har stabilt skiføre og er del av nokså vide område. I tillegg til brukarar frå Hjelmeland og Strand fangar ein her opp mange frå Nord-Jæren. Når det gjeld skibruk, må ein sjå det ilag med felt 8.

Andre aktivitetar: noko fiske, jakt og bærplukking.

Det er eit titals hytter i feltet.

8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen

40% nyttar også dette området (blant fiskarane 8%). Dette talet er truleg for lågt i høve til den faktiske bruken, m.a. fordi Jørpe-landsfolk dominerar i utvalet av spurde og fordi ein del ikkje har rekna Nystøldalen - Sandvatn innafor det aktuelle vurderingsområdet.

Området blir hovudsakleg nytta frå Lyngsvassvegen via Sandvatn eller Nystøldalen og hovudbruken er skigåing på ettervinteren (jfr. felt 7). Det er ein stor parkeringsplass under Midtheia/Kubbåsen; vegen er open hit om vinteren. Norsk Folkehjelp har organisert vaktteneste i traktene (gjeld også felt 7 og 6) med utgangspunkt frå eiga hytte mellom Risåsknuten og Midtheia (sesong frå januar til over påske).

Elles blir traktene nytta frå Songesandsida - særleg inn Mørkebudalen (både sommar og vinter), samt ein del (særleg i samband med fleirdags-turar) som kjem langs Lysefjorden og/eller opp Skurvedalen, forbi Songesandstølen.

Turgåing sommarstid er den andre vesentlege bruksmåten, gjerne med fiskestong. Sunnmorkvatn er truleg det mest nytta fiskevatnet. Elles blir også her drive noko småviltjakt, bærplukking og bading (m.a. sandstrender i Sunnmorkvatn).

9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimsheia - Tyssdalsheia)

Registreringane tilseier 43% bruk (5% til fiske).

Hit soknar tradisjonelt/næringsmessig Bjørheimsfolk. Det speglar seg stadig av i bruken av dette området til friluftsliv, men det er sjølvstøtt også brukarar frå Tau og Jørpeland, samt andre tilreisande.

Utgangspunktet for bruken er oftast den nye vegen/parkeringsplassen ovanfor Rotabakken, eller Regnarvatn.

Det nye hyttefeltet her ved Bjørheimsheia er i ferd med å utvikle seg til ei relativt stor brukargruppe (mange av hytteeigarane er frå Nord-Jæren).

Bruken er knytt til fot- og skiturar (inkludert toppturar til Reina-knuten), bærplukking, samt noko jakt og fiske. Idrettslag o.a. driv ein del trening/idrettsaktivitetar i området.

Tyssdalshei-området blir og bruka ein del frå Grimsli - Forenesvatn, både sommar og vinter.

Både nord- og sørsida av Tyssdalsvatn har fjellsider som er kjende og mykje nytta i klatresamanheng.

8. REGIONAL FRILUFTSLIVSVURDERING

Poenget med dette kapitlet er å sjå på verdien av Jørpelandsvassdraget/Jørpelandsheiane i regional samanheng. Både kapittel 4, 5, 6 og 7 indikerar slike kvalitetar og er grunnlag for denne vurderinga.

Regionen i denne samanheng er Søndre Ryfylke - Nord-Jæren. Ved å sjå på innbyggjartala i dei aktuelle kommunane får ein indikasjonar om mengda potensielle brukarar.

Pr. 1/7-1985 er busetjinga som fylgjer:

- Søndre Ryfylke:	Hjelmeland	2.848
	Strand	9.011
	Forsand	<u>944</u>
		12.803
- Nord-Jæren:	Randaberg	6.875
	Stavanger	94.622
	Sola	14.652
	Sandnes	40.319
	Klepp	11.340
	Time	11.059
	Gjesdal	<u>6.182</u>
		185.049

Alt i alt: tett innpå 200.000 innbyggjarar

Den kommunikasjonsmessige tilstanden er som fylgjer:

- Ferje Stavanger - Tau, 40 min. overfartstid med plass til 90 personbilar
- Veg Tau - Jørpeland, 11 km
- Veg/ferje Stavanger - Jørpeland (over Oanes), 64 km + 15 min. ferje
- Veg Jørpeland - Dalen, 5 km
- Veg Jørpeland - Bjørheimsbygd, 7 km

- Veg Tau - Målandsdalen - Tveit, vel 20 km
- Lyngsvassvegen frå Tveit, 5-10 km
- Veg Hjelmeland - Årdal - Tveit, 24 km
- Rutebåt Stavanger - Lysebotn, som går (kan gå) innom t.d. Oanes, Brattli og Songesand.

Dessutan vegstubbar til Preikestolshytta og Moslivatn, til Regnarvatn og Bjørheimsheia.

Søndre Ryfylke

Det aktuelle området er (langt på veg) nærområde for Strand (særleg Jørpeland, Bjørheimsbygd og Tau) og søndre Hjelmeland (Tyssdal, Tveit og Årdal). Når det gjeld Forsand er det berre Songesand som har fast busetjing i/inntil området, men då ein her reknar Lysefjorden med i vurderingane har og Oanes, Forsand og Eiane dette som nærområde.

Når det gjeld alternative, nære friluftsområde for desse brukar-gruppene, har Tau og Bjørheimsbygd Holtasheia. Dette er eit noko mindre, isolert område, men med eit nokså allsidig bruksfelt (både sommar og vinterområde); her er prioritert hyttebygging. Dette området kan og nyttast frå nordaust (d.v.s. frå Tveit/Årdal), men er tyngre tilgjengeleg herifrå.

Hjelmeland og Årdal har Årdalsheiane som eit nærområde; dette grensar opp til Fundingslandområdet og dei indre Ryfylkeheiane i aust. Her er innfallsport både frå Årdal- og Hjelmelandsida.

Jørpeland har ingen alternative nærområde.

På sørsida av Lysefjorden har Forsand fleire velegna friluftsområde, ikkje minst Espedalsheiane med t.d. innfall frå Eiadalen, som er velegna både sommar og vinter.

Nord-Jæren

Med eit folketal på 185.000 er sjølvstekt trongen til friluftsansal stor. Når det gjeld båttbruk på fjorden og tildels område for bar-marksturar er Nord-Jæren/Jæren "sjølvhjelpete" eit stykkje på veg (område i Sandnes, Time, Gjesdal og Bjerkreim). Ryfylke må i alle høve "hjelpete til", både for å dekkje arealtrongen og fordi ein her har andre bruks- og landskapsmessige kvalitetar å tilby.

Særleg i høve til skibruk er Jæren dårleg stilt. Brekko - Madlandsheia og Giljastølsområdet i Gjesdal, er svært mykje nytta og tildels sterkt tilrettelagde. Elles må ein sørover i Bjerkreim eller over Idsefjorden/Høgsfjorden, til Forsand/Strand/Hjelmeland.

I høve til bærplukking (blåbær/tyttebær) har Jørpeland ein særleg klang i Stavangerøyro.

Om ein summerar opp desse regionale vurderingane i høve til Jørpelandshiane/-vassdraget/Lysefjorden må konklusjonen bli:

- Jørpeland er særleg avhengig av dette som sitt nærområde.
- Traktene kring vegen til Lyngsheia (inkludert Krokavatn - Nystøldalen - Sunnmork - Sandvatn m.m.) er særleg vesentlege i skisamanheng, for heile regionen.
- Lysefjorden med sine naturkvalitetar er ikkje berre regionalt verdifull, men og nasjonalt og internasjonalt.

9. VERDIVURDERING

Den endelege verdivurderinga byggjer på ei samanfating av dei tre hovudparametrane - opplevingskvalitet

- kor egna området er for friluftsliv
- bruk av området idag.

I tillegg må ei heilskapsvurdering av den regionale friluftslivssituasjonen trekkjast inn.

Vurderinga har eit kriteriesett og ein verdiskala presentert i vedlegg 5.

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattli - Skurvedalen (Lysefjordbeltet)

Her er svært store opplevingskvalitetar, særleg når det gjeld naturtilhøve, men og kulturhistorisk.

Beltet har lite av moderne teknisk påverknad og står i samanheng med (er ein korridor til) store friluftsområde i aust (Ryfylkeheiane). Slik sett er det og prioritert i Fylkesplan for Rogaland, 1982.

Her bør ikkje bli bygd fleire hytter, om ein vil halde på desse kvalitetane.

Det er delvis ein svært stor bruk av området (Preikestolshytta - Preikestolen).

Kvalitetane i området er av nasjonal/internasjonale verdi og her er ingen alternative område i regionen (jfr. Geirangerfjorden).

- Området har svært stor verdi for tradisjonelt friluftsliv og for båtturar på Lysefjorden.



Fig. 11: Panorama frå Lammatoknuten, med (frå venstre) Troppevatn, Moslidalstjønn, Neverdalsjuvet og Lysefjorden.

2. Jøssangåna - Moslivatn - Tinturvatn - Tømmervatn

Området har middels/store opplevingskvaliteter frå naturens side, men veg og hyttebygging er i ferd med å få eit dominerande preg i delar av området.

Bruken er både isolert og i samanheng med andre delar av det totale nedbørfeltet. Brukarane er hovudsakleg lokale, også når det gjeld kven som har hytter her.

Her er alternative område i andre delar av Jørpelandstraktene, med unntak for hytteeigarane.

- Området har middels stor verdi for tradisjonelt friluftsliv, og stor verdi for hytteliv.

3. Jørpelsandsåna - Dalavatn

Tidvis er Fossen i Jørpelsandsåna ein stor opplevingskvalitet (er regulert).

Bruken er hovudsakleg lokal, men er utan reelle alternativ (bading i Fossen, laks-/sjøaurefiske opp til Fossen).

Området ligg i/inntil Jørpeland sentrum.

- Verdien for enkelte tradisjonelle friluftslivsaktivitetar er stor.
Området har middels stor/stor verdi for moderne friluftsliv og andre utandørsaktivitetar.

4. Svortingsvatn

Vatnet er kraftig påverka av eksisterande regulering.

Bruken er hovudsakleg lokal; turmessig må ein sjå Svortingsvatn i samanheng med naboområda.

- Verdien er middels stor for tradisjonelt friluftsliv.

5. Småsildalen

Dette er eit lite delområde som er utan påverknad og med svært store opplevingskvalitetar.

Her er både lokale og regionale brukarar og bruken er både isolert og i samanheng med naboområda.

Friluftsmessig er dette eit prioritert område frå kommunen si side (kommunen eig også ein stor del av grunnen). Det tilretteleggingsarbeidet (opparbeiding av joggesti/skiløype) som no blir utført må skje med omtanke for naturmiljø og opplevingskvalitetar, om ein vil halde oppe verdien av området for tradisjonelt friluftsliv.

- Verdien av Småsildalen er stor for tradisjonelt og moderne friluftsliv.

6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane

Liarvatn er regulert; andre delar av området har store opplevingskvalitetar.

Området er tildels svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, men det er avhengig av tilstanden for Liarvatn (isstabilitet/vasstand). Eventuell vidare hyttebygging må skje ved detaljert planlegging, for å hindre konflikhtar i høve til det allmenne friluftsliv.

Dette er det mest nytta dags- og helgeutfartsområdet for Jørpeland, særleg vinterstid (ved isstabilitet og nok snø) og herifrå er hovudinnfallsporten til dei høgareliggjande traktene i aust.

- Området har (tidvis) stor verdi for tradisjonelt friluftsliv.

7. Målandsdalen - Vardhusheia - Krokavatn

Her er vesentlege opplevingskvalitetar i det rolege, lite påverka landskapet, og det er godt/svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv, helst i samanheng med naboområda.

Bruken er lokal/regional og det finst alternative område.

Området har ein relativt stor potensiell verdi

- Verdien av området er stor/middels stor for tradisjonelt friluftsliv.

8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen

Her er svært store opplevingskvalitetar, tildels ingenting/lite av nyare teknisk påverknad.

Området er svært godt egna for tradisjonelt friluftsliv.

Bruken er regional/lokal, og den potensielle verdien er særleg stor i regional samanheng.

- Området har svært stor verdi for tradisjonelt friluftsliv.

9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimsheia - Tyssdalsheia)

Også her er landskapselement med store opplevingskvalitetar.

Området er godt egna for tradisjonelt friluftsliv og godt/middels godt egna for moderne friluftsliv og hytteliv.

Opp mot Bjørheimsheia er eit prioritert hyttefelt.

Bruken er lokal/regional og området er nytta både isolert og saman med områda austanfor.

Her finst alternative område.

- Området har stor/middels stor verdi for tradisjonelt friluftsliv og hytteliv; middels stor verdi for moderne friluftsliv.

10. KONSEKVENSVURDERING

Verdivurderinga (kap. 9) og grunnlaget for denne, er fundament for konsekvensanalysa.

I vedlegg 6 er kriteriesettet og verdiskalen som vert nytta i konsekvensanalysa, presentert.

Konsekvensane for landskap, vilt, fisk m.m. er omtala i eigne rapportar og blir her berre nemnt kort. Vurderingane er i høve til alt. I, der ikkje anna er nemnt spesielt.

1. Revsvatn - Hengjanevatn - Brattli - Skurvedalen (Lysefjordbeltet)

Dette er eit klassisk natur- og friluftslivsområde med svært store opplevingskvalitetar og liten teknisk påverknad.

I høve til dette er all teknisk påverknad/reduksjon av opplevingskvalitet klart konfliktfyllt.

Konkret om inngrepa:

- Hengjanevatn får 20,5 m regulering (senking) med gjennomsnittleg fyllingstid 1. oktober. Dette gjev svært store estetiske konsekvensar, vanskeleggjort båtbruk og nær totale konsekvensar for aurefisket. Eventuell turistforeingsløype/-hytte ved vatnet blir uinteressant.

Kanaliseringa mellom Troppevatn og Buksetjønnane vil bli svært dominerande i den tildels blokkdominerte dalgangen. Dette er den naturlege ferdselsleia mellom Troppevatn og indre Buksetjønnane.

Det blir redusert vassføring i fylgjande elvar/bekkar:

Skurveåna (ved utløpet i fjorden) får ein reduksjon på 68% (års-middel), Brattliåna (ved fjorden) 87% og Neverdalsbekken (ved fjorden) 44%. Brattliåna (som gjer mest av seg ved fjorden) vil miste all si

prakt, også i flaumperiodar. Skurveåna er meir nøytral ved fjorden, men desto meir vesentleg for opplevinga av Skurvedalen (stien fylgjer elva). Alle dei tre større tilløpsbekkane (frå Holmatjønnane samt ut frå Sunnmorkvatn) blir nær tørrlagde. Også Neverdalsbekken har størst opplevingsverdi oppe i Neverdalen: her kryssar stien over til Hengjane og når ein går til Preikestolen har ein heile tida suset frå Neverdalsbekken under/bak seg. Det er også her oppe reduksjonen i vassføringa blir størst.

Elva frå Svartavatn til Longavatn blir tørrlagt (sperredam). Langs her går ei av dei naturlege ferdselsleiene frå Nagaheia til Longavatn. Nagahei-lina for veg til Longavatn går også her (sjå vurdering under felt 6).

Elles når det gjeld vegtraséar er både Preikestolslina til Stemvatn - Longavatn og ei eventuell vidareføring Longavatn - Stemvatn - Songesand fullstendig uakseptable utifrå friluftslivsinteressene.

Konklusjon:

Det er svært store negative konsekvensar for friluftslivet ved realisering av utbyggingsplanane.

2. Jøssangåna - Moslivatn - Tinturvatn - Tømmervatn

Jøssangåna vil få vassføringa redusert med 54% (snitt på årsbasis); dette får estetiske konsekvensar for den særprega Jøssangmyra og for sjølve elva nede ved riksvegen.

Elles er konsekvensane knytt til den sterkt reduserte vassføringa i Fossabekken (frå Tømmervatn), forverra vilkår for aurestamma særleg i Tømmervatn, mogleg også i Moslivatn (p.g.a. overføringa av Buksetjønnane til Svortingsvatn), samt den 80 m lange sperredammen mellom Svortingsvatn og Tinturvatn som blir plassert ved/over hovudstien mellom felt 2 og Svortingsvatn.

Konklusjon:

Det er middels store negative konsekvensar ved realisering av utbyggingsplanane.

3. Jørpelandsåna - Dalavatn

Vassføringa i Jørpelandsåna vil (ved kote 70) bli redusert med 61% om sommaren og 79% om vinteren (føresett ei minstevassføring om sommaren på 1 m³/s og 0,5 m³/s om vinteren, pluss avløpet frå restfeltet). Dette er alt for lita vassføring til å sikre oppgangen av laks og sjøaure. Flaumtoppane i elva blir stort sett borte, d.v.s at Fossen svært sjelden når sitt "estetiske maksimum". Innverknaden på bade-temperaturen i Fossen er vanskeleg å vurdere; dersom minstevassføringa blir sleppt gjennom Dalavatn Kraftstasjon vil dette vere kaldare vatn enn det som kjem frå Liarvatn - Longavatn.

Dalavatn vil få redusert fiskeproduksjon. Like vesentlege er dei estetiske konsekvensane p.g.a.

- kanaliseringa i samband med overføringa frå Regnarvatn
- tippområdet i innerenden av vatnet som blir lagt der stien idag går frå Foreneset til Lågalia og Svortingsvatn,
- veganlegget, brakkeriggen og verkstaden som blir lagt på Foreneset; det viktigaste utgangspunktet for friluftsliv i kommunen. Dette anlegget må ikkje kome i konflikt med garden Foreneset!
- dei nye kraftlinene med avgreiningar.
- den tørrlagde Lågaliåna.

Dei estetiske konsekvensane av dei tre mikrokraftverka (Liarvatn, Dalen og Storåsfoss) er uråd å vurdere, då ein ikkje veit korleis desse vil ytre seg i terrenget. Det er derimot klart uheldig at elva frå Liarvatn blir tørrlagd p.g.a. Liarvatn kraftverk.

Vegen til tverrslaget i Kjellbrekk er ikkje særleg konfliktfyllt. Verre er det med tippen for tunnelmassa som skal plasserast her; den vil bli svært synleg frå vegen Jørpeland - Dalen og dessutan bli liggjande ved vegen/stien opp Kjellbrekk til Tømmervatn - Tinturvatn.




Fig. 12: Kjellbrekk, frå vegen til Dalen

Konklusjon:

Det er store/middels negative konsekvensar ved realisering av utbyggingsplanane

4. Svortingsvatn

Då vatnet alt er kraftig regulert vil ikkje den estetiske forringinga bli avgjerande. Derimot vil stien på nordsida av vatnet stort sett bli neddemt. Det same gjeld stien frå dammen og over eidet til Tinturvatn. Også enkelte hytter må truleg flytjast.

Den planlagte anleggsvegen til Longavatn (Nagaheilina) er ikkje spesielt konfliktfylt her langs Svortingsvatn (sjå felt 6), men i høve til friluftslivsinteressene er det ein fundamental, kvalitativ skilnad mellom ein sti og ein veg.

Dersom vegen ikkje blir bygd og det blir rydda nye stitraséar langs Svortingsvatn, vil det bli små negative konsekvensar ved realisering av utbyggingsplanane.

5. Småsilddalen

Her er ingen planlagte inngrep i sjølve vasstrengen. Derimot er vegtraséen frå Foreneset opp til Svortingsvatn lagt austover i Småsilddalen (omlag til kote 375) før han svingar attende, rundt Røva-knutane til Lågalia og Svortingsvatn. Denne vegen er svært uheldig for friluftslivet, både bruksmessig og reint estetisk.

- Dersom denne vegen blir realisert gjev han store negative konsekvensar for friluftslivet (om han blir lagt utanom Småsilddalen er her sjølv sagt ingen konsekvensar).

6. Liarvatn - Forenesvatn - Holmavatn - Longavatn - Nagatjønnane

Dette er truleg det mest nytta friluftsområdet for Strand/Jørpeland og her er tildels store opplevingskvalitetar.

Reguleringa i Longavatn (3 m) skal reetablerast. Dette er svært uheldig av fleire grunnar:

- dei estetiske konsekvensane ved reguleringa (særleg dei neddemde myrområda i sørenden)
- den tørrelagde elva ned til Forenesvatn; ved utløpet i Liarvatn er vassføringa redusert med 69% (i snitt)

- konsekvensar for fisk/fiske både i Longavatn og ikkje minst i Forenesvatn p.g.a. redusert gjennomstrøyming med fare for attgroing, reduserte gytevilkår og vanskeleggjort fiske
- eit eventuelt tilgrodd Forenesvatn vil gje ei heilt anna oppleving enn vatnet slik det ligg idag.

Elva frå Svartavatn blir tørrlagd, det same gjeld nedre del av Skitli-åna og Skivassåna.

Liarvatn vil få same regulering som idag, med med mindre gjennomstrøyming og meir "stabile svingningar" i vasstanden (elles er ikkje manøvreringsreglementet kjent for Liarvatn og Longavatn). I høve til situasjonen idag er dette truleg noko gunstigare for friluftslivet vinterstid, men det kan kanskje bli seinare oppfylling om våren/sommaren.

Vegtraséen inn til pumpestasjonen i sørenden av Longavatn har to alternativ som går gjennom dette området. For å slå fast ein ting fyrst: Mangel på veg er i dag svært sjeldan eit aktuelt problem for friluftslivsinteressene. Dette er også tilfelle i Jørpelandssområdet, kanskje med eitt unntak: p.g.a. problem med båtbruk (langgrunn reguleringssone) og ustabil is (delvis p.g.a. eksisterande regulering) er det ofte vanskar med å take seg over Liarvatn. Veg inn til Grimsli ville gjort dette enklare. Så langt er det samsvar mellom friluftslivsinteressene og den skisserte Grimsli-lina. Ifrå Grimsli fylgjer både den vanlege turleia (sommar/vinter) og vegtraséen langs vassdraget. Strekningen Grimsli - Longavatn vil bli uinteressant som turområde dersom vegen blir realisert.

Det same resonnementet gjeld for Nagahei-lina: Traséen er lagt langs den naturlege turleia (delvis sti) over Nagaheia til Longavatn. Også denne strekningen blir øydelagt som turområde.

Dersom veg må byggjast, bør Grimsli-lina realiserast. Dette er både p.g.a. den direkte nytteverdien (langs Liarvatn), men og fordi denne "ruta" iallefall blir påverka ved regulering av Longavatn. Nagahei-området kan såleis haldast fritt for inngrep.

Utover konsekvensane for den fysiske bruken, rammar og vegtraséane felt med store opplevingskvalitetar: Nagaheia, sørenden av Longavatn (der det og er planlagt brakkerigg, verkstad og lagerområde). Den skisserte 22 kV-kraftlina, omlag langs Nagahei-lina, er svært negativ. Den bør eventuelt leggjast i kabel langs den valde vegtraséen. Til luka i overføringstunnelen frå Sunnmorkvatn bør det førast kraft via kabel i Svortingsvatn.

- Det er store negative konsekvensar for friluftslivsinteressene dersom utbyggingsplanane blir realiserte.

7. Målandsdalen - Vardhusheia - Krokavatn

Vatnet frå Brogavatn skal førast i kanal til Venevatn. Dette er eit relativt lite inngrep som truleg kan tilpassast landskapet. Elva frå Brogavatn blir tørrlagt i øvre del, men har (i snitt) att 86% av vassføringa ved samløp med Spjodåna. Konsekvensane for fiskeinteressene er truleg små dersom det blir gytehøve i den nye kanalen frå Brogavatn.

- Det er middels/små negative konsekvensar for friluftslivet dersom utbyggingsplanane blir realiserte

8. Nystøldalen - Sunnmork - (Sandvatn) - Daladalen

Dette er igjen eit område med svært store opplevingskvalitetar som tildels er fritt for nyare teknisk påverknad og som har eit stort brukspotensiale (regionalt).

Storlitjønn, Mørkebuvatn og Kvernavatn skal førast i tunnel/kanal til Rundtjønn. Herifrå skal det eksisterande elveleiet kanaliseras til Sunnmorkvatn. Ved utløpet i Sunnmorkvatn skal vatnet førast via kanal til tunnelinntaket (til Svortingsvatn).

Mørkebuelva blir tørrlagt i øvre del; ved samløpet med Daladalselva er restvassføringa (i snitt) 32% "av normalen". Mørkebudalen er den slaaste turleia frå Songesand opp i dette området og stien/turleia går langt på veg langs elva (to nye bruer). Her er planlagt ei (midlertidig?) 22 kV kraftline opp dalen, med ein avstikkar til påhogget for overføringstunnelen frå Storlitjønn til Kvernavatn. Her ved påhogget kjem ein steintipp (omlag 18.000 lause m³); ein tipp er også plassert øvst i Mørkebudalen (omlag 30.000 lause m³).

Kvernavatn skal førast til Rundtjønn; her trengs ein kanal (omlag 100 m lang og maks. 3 m djup). Vassføringa frå Rundtjønn til Sunnmorkvatn blir meir enn ti gonger så stor (på årsbasis) samanlikna med idag. På denne strekningen vil det bli mellom 500 m og 1 km med kanal, avhengig av problemet med oppstuvning/nye løp/erosjon. Det er nett langs denne leia (Sunnmorkvatn - Rundtjønn - Kvernavatn - Mørkebuvatn) Stavanger Turistforening har planlagt ei ny turistforeningsløype/-hytte (tildels svært tydeleg sti også idag).



Fig. 13: Utløpet frå Rundtjønn.

Ved utløpet frå Sunnmorkvatn skal det sprengast ein 95 m lang inn-takskanal (med botnbreidd 4 m og djupn på 5 m). Utløpsterskelen skal ligge 1/2 m (1 m?) høgare enn normalvasstanden i vatnet, men normalvasstanden skal haldast som idag. Forbi Songesandstølen vil elva bli nærpå tørrlagd (sjå felt 1).

I høve til fiskeinteressene er det truleg Sunnmorkvatn som vil få dei største negative konsekvensane (m.a. tilføring av surare vatn, slutt på fisket i hølane nedover mot Songesandstølen m.m.).

- Her er svært store negative konsekvensar i høve til utbyggingsplanane.

9. Regnarvatn - Reinaknuten - Salane (Bjørheimsheia - Tyssdalsheia)

Reinaknuttjønnane skal få ei permanent heving frå 612 til 613,5 m.o.h. (30 m lang betongterskel). Dei skal førast til Longabergdalen gjennom ein 250 m lang, utgraven kanal, før det får renne fritt ned dalsida til Longabergvatnet (444 m.o.h.). Dette er eit uheldig inngrep her rett under Reinaknuten (787 m.o.h.).

Overføringa av Skardtjønn til Regnarvatn skal skje ved tunnel/kanal. Kanalen kan lett få eit skjemmande preg i det storsteina daldraget.

I Regnarvatn har idag Strand kommune konsesjon på senking 0,8 m til vassforsyning. Overføringa til Dalavatn har relativt liten innverknad på friluftssinteressene ved Regnarvatn (sjå felt 3). Det er uheldig at Regnaråna blir tørrlagt i øvre del.

- Så lenge overføringa av Reinaknuttjønnane er med i desse planane er det store/middels negative konsekvensar for friluftssinteressene. Dersom desse blir trekte ut, er det små negative konsekvensar.

LITTERATURLISTE

- Fylkesrådmannen i Rogaland 1982. Fritidshus, Arbeidsdokument 3.
- Fylkesrådmannen i Rogaland 1982 a. Fylkesplan for Rogaland.
- Fylkesrådmannen i Rogaland 1984. Friluftsliv, Arbeidsdokument 1.
- Geelmuyden, Anne Katrine og Berg, Einar 1986. Jørpelandsvassdraget. Vurdering av landskapet i planlagt regulert område. Inst. for landskapsark., Ås-NLH.
- Jæren Friluftsråd/Rogaland Fylkeskommune 1985. Områder for friluftsliv på Jæren. Brosjyre.
- Miljøverndepartementet 1984. Konsekvensanalyser for friluftsliv ved konsesjonssøknader - En delutredning for K-prosjektet. Rapp. T-588.
- Miljøverndepartementet 1984 a. Samlet Plan for vassdrag, Hovedrapport.
- Miljøverndepartementet 1985. Friluftsliv. Rapp. T-593.
- NOU 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei.
- NOU 1983:45. Friluftsliv og vassdragsvern. En delutredning til Verneplan III for vassdrag.
- Regionplankontoret for Ryfylke 1978. Verneverdige områder i Ryfylke-regionen.
- Ryfylke Friluftsråd/Rogaland Fylkeskommune 1985. Områder for friluftsliv i Ryfylke. Brosjyre.
- Samla Plan for vassdrag 1983. 158 Årdalselva, Øvre Tysdalsvatn, Urdavatn. Vassdragsrapport, SP-Stavanger.
- Samla Plan for vassdrag 1984. 149 Frafjordelva. Giljastølsvatn, Frafjord. Vassdragsrapport, SP-Stavanger.
- Statistisk Sentralbyrå 1984. "Friluftsliv i Norge 1970-82". Rapp. 1984:12.
- Stavanger Turistforening 1927. Fjellruter i Rogaland. Turistruter i fjellet og forbindelsesruter til nabofylkene. Aktietrykkeriet, Stavanger.
- St.meld. nr. 71 (1972-73). Langtidsprogrammet 1974-77. Spesialanalyse nr. 6; Friluftsliv. Finansdepartementet.
- St.meld. nr. 68 (1980-81). "Vern av norsk natur". Miljøverndepartementet.

St.meld. nr. 63 (1984-85). Samlet Plan for vassdrag. Miljøverndepartementet.

Toftdahl, Hanne 1985. Utkast til veileder for konsekvensanalyser i friluftsliv til konsesjonssøknader for vassdrag. Miljøverndepartementet.

Toftdahl, Hanne 1985 a. Friluftsliv og andre utendørsaktiviteter i Etnefjell. Bilag 16 konsesjonssøknad, Haugesund Elektrisitetsverk.

Toftdahl, Hanne 1985 b. Friluftsliv i Nyset Steggje. Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer. Univ. Oslo Rapp. nr. 85.

Toftdahl, Hanne 1986. Friluftsliv og andre utendørsaktiviteter langs vestsideelvene i Jostedalen. Vassdragsforsk, Univ. Oslo Rapp. nr. 90.

Med unntak av landskapsrapporten er ikkje bilaga til konsesjonssøknaden for Jørpelandsvassdraget referert i denne litteraturlista. Desse er tilgjengelege hjå Lyse Kraft, Postboks 323, 4301 Sandnes.

VEDLEGG 1

ULIKE FORMER FOR FRILUFTSLIV OG UTENDØRSAKTIVITETER SLIK EN HAR INNDELT AKTIVITETENE FOR BRUK I KONSEKVENSANALYSER FOR VASSDRAGS- REGULERINGER

TRADISJONELT FRILUFTSLIV omfatter aktiviteter som er tilpasset en ekstensiv utnyttelse av naturen og aktiviteter som ikke forutsetter særlig grad av tilrettelegging og tekniske inngrep og aktiviteter hvor naturopplevelsen står sentralt.

F.EKS. fotturer, skiturer, bading, padling, høstings- og sankingsturer, jakt- og fisketurer.

MODERNE FRILUFTSLIV omfatter aktiviteter som er tilpasset en mer intensiv utnyttelse av naturen og aktiviteter som forutsetter større grad av tilrettelegging og tekniske inngrep og aktiviteter som har færre opplevelsesmuligheter av natur fordi de forutsetter tekniske inngrep.

F.EKS. trening, sykling, windsurfing, handgliding, jogging.

ANDRE UTENDØRSAKTIVITETER omfatter aktiviteter som forutsetter en intensiv utnyttelse av naturen og aktiviteter som forutsetter stor grad av tilrettelegging og ulike tekniske inngrep og aktiviteter hvor naturopplevelsen kan stå sentralt, men hvor mulighetene for naturopplevelse er betydelig redusert som følge av tilrettelegging og tekniske inngrep. Aktiviteter hvor motoriserte hjelpemidler tas i bruk for å utføre selve aktiviteten.

F.EKS. hytteliv, rasting, motorbåtturer, idrett, snøscooterkjøring mv.

VEDLEGG 2

Odd Inge Vistad

Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer

Oktober 1985

Til brukarar av Jørpelandsheiane/Jørpelandsvassdraget

I samband med Lyse Kraft sine planar om ny regulering av Jørpelandsvassdraget m.m., skal friluftslivsinteressene i området utredast. Det skal m.a. gjerast ei brukarregistrering.

Eg har sjølv vore eit par vekers tid i traktene og m.a. knytt kontaktar i dei tre kommunane. Slik har eg fått oppgjeve namn på personar/foreiningar som brukar området og sender difor dette brukarskjemaet til deg/dykk.

Det er viktig for resultatet av arbeidet at ein når så mange brukarar (informantar) som råd, og at desse gjer vel og fyller ut skjemaet og returnerar det i vedlagde svarkonvolutt.

Gje svar på dei spørsmåla som passar for deg/dykk og bruk gjerne baksida av arka til utfyllande opplysningar (t.d. med namn/adresser til andre brukarar).

På forhånd takk !

Med venleg helsing

Odd Inge Vistad

Kartlegging av bruken av området til friluftsliv, og fiske spesielt, i samband med konsesjons-søknaden for Jørpelandsvassdraget (tilsvarande er tidlegare gjort for jakt i området).

-

- Kvar ligg hytta:.....

-

-

-

-

-

-

- 7

-

- Aleine:

- □ □ □ □ □ □ □ □ □

13. KVA FOR FISKEREIDSKAP NYTTAR DU/DE?

Garn ☐ NAR..... Kvar.....
 Oter ☐ NAR..... Kvar.....
 Stang ☐ NAR..... Kvar.....
 Anna..... NAr.....
 Kvar.....

14. UTBYTTET AV FISKET. Ca. tal pr. dag pr.

reidskap:

Tal fisk } på..... (reidskap)
 Tal kilo }
 Tal fisk } på.....
 Tal kilo }

Evt. total fangst siste året:

Innlandsfiske:.....
 Laks/sjøaure:

15. STØRSTE FISKEN DU/DE HAR FÅTT I OMRÅDET:

Innlandsfisk:

.....kg, på.....(reidskap) 1
(vatn/elv)
 i 19.....
 Laks/sjøaure:
kg, i 19....(laks ☐ sjøaure ☐)

16. KVA FOR VERDI MEINER DU/DE DET HAR FOR DEG/DYKK Å UTØVE DEI ULIKE AKTIVITETAR I OMRÅDET?

	Svært stor verdi	Stor verdi	Noko verdi	Liten verdi	Utan verdi
Fotturar (ikkje jakt/fiske)					
Skiturar (ikkje jakt/fiske)					
Fiske					
Jakt					
Ber og sopplukking					
Bading					
Båtturar					
Andre (sjå pkt. 3)					

17. DRIV DU/DE FRILUFTSLIV I ANDRE OMRÅDE ENN DESSE TRAKTENE MELLOM LØSEFJORDEN OG TYSDALEN?

	Nei, eg nyttar berre dette området	Ja, men mindre enn dette området	Ja, oml. som dette området	Ja, meir enn dette området	Desse andre områda er
Fotturar					
Skiturar					
Fiske					
Jakt					
Ber/Sopp					
Bading					
Båtturar					
Andre					

18. VIL DET FÅ NOKON VERKNAD FOR DYKKAR BRUK AV OMRÅDET TIL FRILUFTSLIV, SÆRSOM DEI NYE

KRAFTUTBYGGINGSPLANANE BLIR GJENNOMFØRDE?
 EVT. PÅ KVA SLAG MÅTE?

20. DITT EIGE NAMN (om du ønskjer å oppgje det):

.....
 (Det kan vera aktuelt å ta kontakt for å få ytterlegare opplysningar).

19. NAMN PÅ ANDRE PERSONAR/BRUKARGRUPPER SOM DU/DE MEINER EIN BØR KONTAKTE I DENNE BRUKARGRANSKINGA OM FRILUFTSLIV I JØRPELANDSTRAKTENE.

Namn og adresse:

.....

BRUK GJERNE BAKSIDA AV ARKA TIL UTFYLLANDE
 OPPLYSNINGAR.

SVARFRIST: S N A R A S T, O G S E I N A S T
 1 5 . N O V E M B E R 1 9 8 5

Send svara til: Odd Inge Vistad

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
 Miljøvernnavdelinga
 Fylkeshuset Postuttak
 7000 TRONDHEIM
 Tlf. 07/ 51 08 11

TAKK FOR HJELPA!

VEDLEGG 3

Oppsummering av svara på eindele spørsmål på brukarregistrerings-skjemaet. Talverdiane syner kor mange som totalt har svara pr. rubrikk.

3. KORLEIS BRUKAR DU/DE OMRÅDET?

Tal dagar i løpet av siste året til ulike aktivitetar:

	I	II	III	IV	V	Sum II-V
	Ikkje	1-5	6-10	10-20	20	
	utøvd	dagar				
Fotturar	1	27	26	40	66	159
Skiturar	10	41	22	27	35	125
Fiske	21	35	29	20	22	106
Jakt	38	17	11	4	6	38
Bær- og sopp-						
plukking	8	79	21	11	6	117
Bading	23	27	17	9	6	59
Båtturar	22	21	8	11	9	49
Andre	2	23	7	4	6	40

16. KVA FOR VERDI MEINER DU/DE DET HAR FOR DEG/DYKK Å UTØVE DEI ULIKE AKTIVITETAR I OMRÅDET?

	Svært stor	Stor	Noko	Liten	Utan
	verdi	verdi	verdi	verdi	verdi
Fotturar	83	62	4	1	-
Skiturar	52	50	16	2	3
Fiske	35	35	31	6	2
Jakt	12	8	8	11	29
Bær- og sopp	23	36	55	7	3
Bading	15	22	24	12	8
Båtturar	15	19	17	9	7
Andre	9	8	-	2	-

**17. DRIV DU/DE FRILUFTSLIV I ANDRE OMRÅDE ENN DESSE TRAKTENE MELLOM
LYSEFJORDEN OG TYSDALEN?**

	Nei, eg nyttar berre dette området	Ja, men mindre enn dette området	Ja, omlag som dette området	Ja, meir enn dette området
Fotturar	43	67	15	19
Skiturar	33	45	14	23
Fiske	32	24	2	19
Jakt	10	12	6	6
Bær- og sopp	35	23	15	4
Bading	14	13	8	21
Båtturar	17	8	5	18
Andre	3	5	1	4

Ved en vektlegging av de tre hovedparametrene samt en regional helhetsvurdering, skal en verdi- og konsekvensvurdering foretas med bakgrunn i faggruppens kriterieoppsett.

For hver av hovedparametrene har en satt opp en firedelt skala for verdivurderingene. Summen av de enkelte verdivurderinger for opplevelse, egnethet og bruk skal kunne utgjøre en vurdering av områdets verdi for friluftsliv/utendørsaktiviteter. Den regionale helhetsvurdering trekkes inn i tillegg til de tre hovedparametrene.

Den firedelte skala for de tre hovedparametrene er som følger:

OPPLEVELSE

- Svært store opplevelsesmuligheter
- Store opplevelsesmuligheter
- Middels store opplevelsesmuligheter
- Små opplevelsesmuligheter

EGNHETHET

- Svært godt egnet
- Godt egnet
- Middels godt egnet
- Lite egnet

DAGENS BRUK

- Svært mye brukt
- Mye brukt
- Middels stor bruk
- Liten bruk

KRITERIEOPPSETT FOR VERDIVURDERINGER UTARBEIDET I FORBINDELSE MED STORTINGSMELDING NR. 63 (1984-85) OM SAMLET PLAN FOR VASSDRAG

**** = svært stor verdi *** = stor verdi ** = middels stor verdi
 * = liten verdi

Område- verdi	Karakteristikk
------------------	----------------

**** Mangfoldet gjør at opplevelsesverdien i landskapet er svært stor både når det gjelder naturforholdene og eventuelle kulturpregete elementer.

Vassdragsområdet er et av de få gjenværende urørte natur-områder hvor regionale, eventuelt nasjonale, friluftslivsinteresser er viktige eller forventes å bli av betydning.

Vassdragsområdet er av en slik størrelse eller de henger sammen med andre viktige friluftsområder, slik at variasjonene innen området gir godt grunnlag for ulike typer friluftsliv.

Vassdragsområdet inneholder et av få gjenværende elementer i de store dalførene, f.eks. fossefall, som har stor opplevelsesverdi for friluftsliv- og/eller rekreasjonsinteressene.

Vassdragsområdet alene eller knyttet sammen med andre områder, er av nasjonal/internasjonal verdi.

*** Mangfoldet og opplevelsesverdiene knyttet til landskapet er av stor betydning for friluftslivsinteressene.

Dagens bruk av området til friluftsliv er særlig stor, og det finnes få alternative områder.

Deler av vassdragsområdet er påvirket av varige inngrep, men disse er av relativ liten betydning for friluftslivs- og rekreasjonsinteressene.

Vassdragsområdet er av særlig stor betydning for det lokale friluftslivet som mangler tilsvarende områder av samme kvalitet.

** Områdets mangfold og opplevelsesverdier er moderate.

Dagens bruk er moderat og er hovedsakelig av lokal, eventuelt regional karakter.

Vassdragsområdet er betydelig påvirket av varige inngrep.

* Det er ikke knyttet spesielle opplevelsesverdier som er av betydning for friluftslivet til området.

Bruken av området er svært begrenset både på lokalt og regionalt nivå.

KRITERIEOPPSETT FOR KONSEKVENSVURDERINGER UTARBEIDET I FORBINDELSE MED STORTINGSMELDING NR. 63 (1984-85) OM SAMLET PLAN FOR VASSDRAG.

Konsekvens verdi	Kriterier
-4 Meget store neg. konse- kvenser	Store inngrep gjør at mangfoldet og opplevelsesverdien blir vesentlig redusert. Vassdragsområdet er et av de få gjenværende relativt urørte friluftsområder i regionen. De planlagte inngrepene får direkte, ødeleggende virkninger for dagens bruk. Rekreasjonsinteressene blir vesentlig berørt. Det fins ingen alternative friluftslivsområder med tilsvarende kvaliteter innenfor regionen og/eller landsdelen.
-3 Store negative konsekvenser	Inngrepene gjør at mangfoldet og opplevelsesverdien i deler av området blir berørt. Vassdragsområdet er et av de få gjenværende relativt urørte vassdragsområder innenfor regionen, men det fins alternative områder, selv om disse kan være av mindre verdi. De planlagte inngrepene virker til en viss grad inn på dagens bruk, og det finnes få alternative områder av samme kvalitet.
-2 Middels neg. konsekvenser	Det er beskjedne friluftslivsinteresser knyttet til utbyggingsområdet. Inngrepene er av begrenset omfang slik at opplevelsesverdiene ikke blir vesentlig berørt. Dagens bruk blir bare i noen grad berørt, og det finnes gode alternative områder innenfor region og lokalsamfunn.
-1 Små negative konsekvenser	Vassdragsområdet har liten verdi for friluftslivet. Vassdragsområdet inneholder ikke opplevelsesverdier av betydning. Reguleringen virker i liten grad inn på dagens bruk, og det finnes gode, i enkelte tilfelle bedre, alternative områder.
0 Ingen konse- kvenser	Friluftslivsinteressene i vassdragsområdet berøres ikke eller i helt ubetydelig grad.

PUBLISERTE RAPPORTER

- Arsberetning 1975.
- Nr. 1 Naturvitenskapelige interesser i de vassdrag som behandles av kontaktutvalget for verneplanen for vassdrag 1975-1976. Dokumentasjonen er utarbeidet av: Cand.real. E. Boman, cand.real. P.E. Faugli, cand.real. K. Halvorsen. Særtrykk fra NOU 1976:15.
 - Nr. 2 Faugli, P.E. 1976. Oversikt over våre vassdrags vernestatus. (Utgått)
 - Nr. 3 Gjessing, J. (red.) 1977. Naturvitenskap og vannkraftutbygging. Foredrag og diskusjoner ved konferanse 5.-7. desember 1976.
 - Nr. 4 Arsberetning 1976 - 1977. (Utgått)
 - Nr. 5 Faugli, P.E. 1978. Verneplan for vassdrag. / National plan for protecting river basins from power development. Særtrykk fra Norsk geogr. Tidsskr. 31. 149-162.
 - Nr. 6 Faugli, P.E. & Moen, P. 1979. Saltfjell/Svartisen. Geomorfologisk oversikt med verneevaluering.
 - Nr. 7 Relling, O. 1979. Gaupnefjorden i Sogn. Sedimentasjon av partikulært materiale i et marint basseng. Prosjektleder: K. Nordseth.
 - Nr. 8 Spikkeland, I. 1979. Hydrografi og evertebratfauna i innsjøer i Tovdalsvassdraget 1978.
 - Nr. 9 Harsten, S. 1979. Fluvialgeomorfologiske prosesser i Jostedalsvassdraget. Prosjektleder: J. Gjessing.
 - Nr. 10 Bekken, J. 1979. Kynna. Fugl og pattedyr. Mai - Juni 1978.
 - Nr. 11 Halvorsen, G. 1980. Planktoniske og littorale krepsdyr innenfor vassdragene Etna og Dokka.
 - Nr. 12 Moss, O. & Volden, T. 1980. Botaniske undersøkelser i Etnas og Dokkas nedbørfelt med vegetasjonskart over magasinområdene Dokkfløy og Rotvoll/Røssjøen.
 - Nr. 13 Faugli, P.E. 1980. Kobbeltutbyggingen - geomorfologisk oversikt.
 - Nr. 14 Sandlund, T. & Halvorsen, G. 1980. Hydrografi og evertebrater i elver og vann i Kynnavassdraget, Hedmark, 1978.
 - Nr. 15 Nordseth, K. 1980. Kynna-vassdraget i Hedmark. Geofaglige og hydrologiske interesser.
 - Nr. 16 Bergstrøm, R. 1980. Sjøvatnområdet - Fugl og pattedyr, juni 1979.
 - Nr. 17 Arsberetning 1978 og 1979.
 - Nr. 18 Spikkeland, I. 1980. Hydrografi og evertebratfauna i vassdragene i Sjøvatnområdet, Telemark 1979.
 - Nr. 19 Spikkeland, I. 1980. Hydrografi og evertebratfauna i vassdragene på Lifjell, Telemark 1979.
 - Nr. 20 Gjessing, J. (red.) 1980. Naturvitenskapelig helhetsvurdering. Foredrag og diskusjoner ved konferanse 17.-19. mars 1980.
 - Nr. 21 Røstad, O.W. 1981. Fugl og pattedyr i Vegårsvassdraget.
 - Nr. 22 Faugli, P.E. 1981. Tovdalsvassdraget - en fluvialgeomorfologiske analyse.
 - Nr. 23 Moss, O.O. & Næss, I. 1981. Oversikt over flora og vegetasjon i Tovdalsvassdragets nedbørfelt.
 - Nr. 24 Faugli, P.E. 1981. Grøa - en geofaglig vurdering.
 - Nr. 25 Bogen, J. 1981. Deltaet i Veitastrondsvatn i Arøy-vassdraget.
 - Nr. 26 Halvorsen, G. 1981. Hydrografi og evertebrater i Lyngdalsvassdraget i 1978 og 1980.
 - Nr. 27 Lauritzen, S.-E. 1981. Innføring i karstmorfologi og speleologi. Regional utbredelse av karstformer i Norge.
 - Nr. 28 Bendiksen, E. & Halvorsen, R. 1981. Botaniske inventeringer i Lifjellområdet.
 - Nr. 29 Eldøy, S. 1981. Fugl i Bjerkreimsvassdraget i Rogaland, med supplerende opplysninger om pattedyr.
 - Nr. 30 Bekken, J. 1981. Lifjell. Fugl og pattedyr.
 - Nr. 31 Schumacher, T. & Løkken, S. 1981. Vegetasjon og flora i Grimsavassdragets nedbørfelt.

- Nr. 32 Arsberetning 1980.
- Nr. 33 Sollien, A. 1982. Hemsedal. Fugl og pattedyr.
- Nr. 34 Eie, J.A., Brittain, J. & Huru, H. 1982. Naturvitenskapelige interesser knyttet til vann og vassdrag på Varangerhalvøya.
- Nr. 35 Eidissen, B., Ransedokken, O.K. & Moss, O.O. 1982. Botaniske inventeringer av vassdrag i Hemsedal.
- Nr. 36 Drangeid, S.O.B. & Pedersen, A. 1982. Botaniske inventeringer i Vegår-vassdragets nedbørfelt.
- Nr. 37 Eie, J.A. 1982. Hydrografi og evertebrater i elver og vann i Grimsa-vassdraget, Oppland og Hedmark, 1980.
- Nr. 38 Del I. Halvorsen, G. 1982. Ferskvannsbioologiske undersøkelser i Joravassdraget, Oppland, 1980.
Del II. Blakar, I.A. 1982. Kjemisk-fysiske forhold i Joravassdraget (Dovre fjell) med hovedvekt på ionerelasjoner.
- Nr. 39 Nordseth, K. 1982. Imsa og Trya. Vurdering av geo-faglige interesser.
- Nr. 40 Arsberetning 1981.
- Nr. 41 Eie, J.A. 1982. Atnavassdraget. Hydrografi og evertebrater - En oversikt.
- Nr. 42 Faugli, P.E. 1982. Naturfaglige forhold - vassdragsplanlegging. Innlegg med bilag ved Den 7. nordiske hydrologiske konferanse 1982.
- Nr. 43 Sonerud, G.A. 1982. Fugl og pattedyr i Atnas nedbørfelt.
- Nr. 44 Jansen, I.J. 1982. Lifjellområdet - Kvartærgeologisk og geomorfologisk oversikt.
- Nr. 45 Faugli, P.E. 1982. Bjerkreimvassdraget - En oversikt over de geofaglige forhold.
- Nr. 46 Dalviken, K. & Faugli, P.E. 1982. Lomsdalsvassdraget - En fluvialgeomorfologisk vurdering.
- Nr. 47 Bjørnstad, G. & Jerstad, K. 1982. Fugl og pattedyr i Lyngdalsvassdraget, Vest-Agder.
- Nr. 48 Sonerud, G.A. 1982. Fugl og pattedyr i Grimsas nedbørfelt.
- Nr. 49 Bjerke, G. & Halvorsen, G. 1982. Hydrografi og evertebrater i innsjøer og elver i Hemsedal 1979.
- Nr. 50 Bogen, J. 1982. Mørkrivassdraget og Feigumvassdraget - Fluvialgeomorfologi.
- Nr. 51 Bogen, J. 1982. En fluvialgeomorfologisk undersøkelse av Joravassdraget med breområdet Snøhetta.
- Nr. 52 Bendiksen, E. & Schumacher, T. 1982. Flora og vegetasjon i nedbørfeltene til Imsa og Trya.
- Nr. 53 Bekken, J. 1982. Imsa/Trya. Fugl og pattedyr.
- Nr. 54 Wabakken, P. & Sørensen, P. 1982. Fugl og pattedyr i Joras nedbørfelt.
- Nr. 55 Sollid, J.L. (red.) 1983. Geomorfologiske og kvartærgeologiske registreringer med vurdering av verneverdier i 15 tiårsvernede vassdrag i Nord- og MidtNorge.
- Nr. 56 Bergstrøm, R. 1983. Kosånavassdraget. Ornitologiske undersøkelser 1981.
- Nr. 57 Sørensen, P. & Wabakken, P. 1983. Fugl og pattedyr i Finnas nedbørfelt. Virkninger ved planlagt kraftutbygging.
- Nr. 58 Bekken, J. 1983. Frya. Fugl og pattedyr.
- Nr. 59 Bekken, J. & Mobæk, A. 1983. Ornitologiske interesser i Søkkundas utvidede nedbørfelt.
- Nr. 60 Skattum, E. 1983. Botanisk befarings av 11 vassdrag på Sør- og Østlandet. Rapport til Samlet plan for forvaltning av vannressursene.
- Nr. 61 Eldøy, S. & Paulsen, B.-E. 1983. Fugl i Sokndalsvassdraget i Rogaland, med supplerende opplysninger om pattedyr.
- Nr. 62 Halvorsen, G. 1983. Hydrografi og evertebrater i Kosånavassdraget 1981.
- Nr. 63 Drangeid, S.O.B. 1983. Kosåna - Vegetasjon og Flora.
- Nr. 64 Halvorsen, G. 1983. Ferskvannsbioologiske undersøkelser i Rååvatn-området, Lom og Skjåk, Oppland.

- Nr. 65 Eidissen, B., Ransedokken, O.K. & Moss, O.O. 1983. Botaniske undersøkelser i Finndalen.
- Nr. 66 Spikkeland, I. 1983. Hydrografi og evertebratfauna i Sokndalsvassdraget 1982.
- Nr. 67 Sjulsen, O.E. 1983. Sokndalsvassdraget - En geofaglig vurdering.
- Nr. 68 Bendiksen, E. & Moss, O.O. 1983. Søkkunda og tilgrensenade vassdrag. Botaniske undersøkelser.
- Nr. 69 Jerstad, K. 1983. Fugl og pattedyr i Hekkfjellområdet, Lyngdalsvassdraget.
- Nr. 70 Bogen, J. 1983. Atnas delta i Atnsjøen. En fluvialgeomorfologisk undersøkelse.
- Nr. 71 Bekken, J. 1984. Øvre Glomma. Ornitologiske interesser og konsekvenser av planlagt utbygging.
- Nr. 72 Drangeid, S.O.B. 1984. Botaniske undersøkelser av Sokndalsvassdraget.
- Nr. 73 Pedersen, A. & Drangeid, S.O. 1984. Flora og vegetasjon i Lyngdalsvassdragets nedbørfelt.
- Nr. 74 Sjulsen, O.E. 1984. Søkkunda, Hedmark fylke. Beskrivelse og vurdering av geofaglige forhold og interesser.
- Nr. 75 Skattum, E. 1984. Botanisk befaring av 4 områder i Hedmark. Rapport til Samlet plan for forvaltning av vannressursene.
- Nr. 76 Hveem, B. & Hvoslef, S. 1984. Flora og vegetasjon i Horgavassdraget, Buskerud.
- Nr. 77 Husebye, S. 1985. Finnassdraget i Oppland fylke; en fluvialgeomorfologisk undersøkelse og geofaglig vurdering.
- Nr. 78 Halvorsen, G. 1985. Hydrografi og strandlevende krepsdyr i Øvre Glommaområdet.
- Nr. 79 Bergstrøm, R. 1985. Ornitologiske undersøkelser i Kilåvassdraget, Fyresdal, 1984.
- Nr. 80 Halvorsen, G. 1985. Hydrografi, plankton og strandlevende krepsdyr i Kilåvassdraget, Fyresdal, sommeren 1984.
- Nr. 81 Steinnes, A. & Hveem, B. 1985. Vegetasjon og flora i Kilåvassdraget, Telemark.
- Nr. 82 Halvorsen, G. 1985. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i vassdragene Imsa og Trya, Hedmark fylke.
- Nr. 83 Steinnes, A. 1985. Flora og vegetasjon i Øvre Otra, Aust-Agder.
- Nr. 84 Gjessing, J. (red.) 1985. Forsknings- og referansevassdrag. Foredrag og diskusjoner ved seminar 17. - 19. april 1985.
- Nr. 85 Toftdahl, H. 1985. Friluftsliv Nyset-Steggje. Fagrapport for friluftsliv med verdi- og konsekvensvurdering av tilleggsprosjekt i Nyset- og Steggje-vassdragene.
- Nr. 86 Sjulsen, O.E. & Faugli, P.E. 1985. Geofaglig befaring av 11 vassdrag på Sør- og Østlandet. Rapport til Samlet plan for vassdrag prosjektet.
- Nr. 87 Sjulsen, O.E. & Andersen, Ø.B. 1985. Kilåvassdraget. Beskrivelse og vurdering av de geofaglige forhold.
-
- Nr. 88 Andersen, Ø.B. & Faugli, P.E. 1986. Landskap - Takrenne vest, Jostedalen.
- Nr. 89 Faugli, P.E., Andersen, Ø.B., Husebye, S. & Sjulsen, O.E. 1986. Vassdragsreguleringer og geofag. En oversikt over kunnskapsnivået.
- Nr. 90 Toftdahl, H. 1986. Friluftsliv og andre utendørsaktiviteter langs vestsideelvene i Jostedalen.
- Nr. 91 Husebye, S. & Faugli, P.E. 1986. Flerbruksplan for vassdrag i Gudbrandsdalen, fluvialgeomorfologisk oversikt.
- Nr. 92 Elven, R. & Hveem, B. 1986. Øvre Glåma. Botaniske verdier og konsekvenser av planlagt utbygging.
- Nr. 93 Bekken, J. 1986. Brokke Aust-Agder. Ornitologi- og viltinteresser.